

# HANDLINGSPLAN

## MOT VALD I NÆRE RELASJONER

### PÅ SUNNMØRE 2021 - 2025



Krisesenter for  
**SUNNMØRE**

Eit interkommunalt samarbeid mellom  
Ålesund | Ørsta | Volda | Herøy | Sande | Ulstein | Hareid | Sula  
Giske | Fjord | Vanylven | Stranda | Sykkylven



# Handlingsplan mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre

## FORORD

Vald i nære relasjonar er eit omfattande samfunns- og folkehelseproblem.

Kommunane skal legge til rette for at tenestene blir i stand til å førebyggje, avdekkje og avverje vald og overgrep. For å kunne avdekke, må tabu brytast og kunnskapen aukast.

Når vald blir avdekt skal tenesteapparatet kunne bidra med rett hjelp til rett tid og ha eit godt samarbeid med aktørar også utanfor dei kommunale tenestene.

Med denne felles handlingsplanen setter alle kommunane på Sunnmøre arbeidet mot vald i nære relasjonar på dagsorden. Målsettinga er at tiltak og auka merksemd på vald i nære relasjonar vil bidra til å styrke det førebyggjande arbeidet, at fleire valdsutsette og valdsutøvarar får naudsynt hjelp og at fleire situasjonar der menneske utsettast for vald blir avdekka og avverja.

Høyring og utkast

## Innhald

<b>1.0 INNLEIING</b> .....	<b>4</b>
1.1 Om handlingsplanen.....	4
<b>2.0 BAKGRUNN OG PLANPROSESS</b> .....	<b>5</b>
2.1 Visjon .....	6
2.2 Formål.....	6
2.3 Målgruppe.....	6
2.4 Forankring.....	6
2.5 Kommunen sitt ansvar .....	7
2.5.1 Samordning av tenester.....	8
<b>3.0 PLANVERK</b> .....	<b>9</b>
3.1 Sentrale føringar.....	9
<b>4.0 DEFINISJONAR</b> .....	<b>10</b>
4.1 Vald .....	10
4.2 Vald i nære relasjonar.....	10
4.2.1 Valdspiralen.....	11
4.2.2 Skam og tabu .....	12
4.2.3 Lojalitet og kjærleik .....	12
<b>5.0 ULIKE FORMER FOR VALD</b> .....	<b>14</b>
5.1 Fysisk vald .....	14
5.2 Psykisk vald .....	14
5.3 Vitne til vald .....	14
5.4 Seksuell vald .....	14
5.5 Latent vald.....	14
5.6 Materiell vald .....	14
5.7 Økonomisk vald .....	14
5.8 Usunn kontroll.....	14
5.9 Digital vald.....	15
5.10 Æresrelatert vald.....	15
5.11 Menneskehandel .....	15
5.12 Tvangsekteskap.....	15
5.13 Kjønnslēmlesting .....	15
<b>6.0 OMFANG</b> .....	<b>16</b>
6.1 Nasjonalt.....	16
6.2 Lokalt .....	18
6.2.1 Tal frå Krisesenteret.....	18
<b>7.0 SÅRBARE GRUPPER</b> .....	<b>19</b>
7.1 Barn og unge 0-18 år .....	20
7.2 Eldre (over 65 år) .....	20
7.3 Personar med funksjonsnedsetting .....	21
7.4 Personar med utviklingshemming.....	21
7.5 Personar med psykiske og/eller rusrelaterte utfordringar.....	22
7.6 Personar med flyktning- eller innvandrarbakgrunn .....	23

<b>8.0 VALDSUTØVAR .....</b>	<b>24</b>
8.1 Hjelp til valdsutøvar.....	24
<b>9.0 VÅG Å SJÅ .....</b>	<b>25</b>
9.1 Teikn på vald og overgrep.....	25
9.1.1 Fysisk vald.....	25
9.1.2 Psykisk vald.....	27
9.1.3 Seksuelle overgrep.....	28
9.2 Reaksjonar og symptom på vald eller overgrep.....	29
9.2.1 Aldersrelaterte symptom ved seksuelle overgrep.....	30
<b>10.0 VÅG Å SPØRJE.....</b>	<b>32</b>
10.1 Ta opp bekymringa di med den det gjeld.....	32
10.1.1 Kva spørsmål kan eg stille?.....	32
10.1.2 Kva spørsmål skal eg ikkje stille?.....	33
<b>11.0 KUNNSKAP TIL Å HANDLE.....</b>	<b>34</b>
11.1 Kva skal eg som offentlig tilsett gjer?.....	34
11.1.1 Ved bekymring for barn og unge.....	34
11.1.2 Ved bekymring for vaksne og eldre.....	34
11.2 Kva skal eg som privatperson gjere?.....	35
11.2.1 Til deg som er vaksen.....	35
11.2.2 Til deg som er barn/ungdom:.....	35
11.3 Til deg som er utsatt for vald eller overgrep.....	36
<b>12.0 FORMELLE BESTEMMELSESAR .....</b>	<b>37</b>
12.1 Teieplikt.....	37
12.2 Opplysningsplikt.....	37
12.3 Meldeplikt.....	37
12.4 Avverjeplikt.....	37
12.5 Opplysningsrett og teierett.....	38
<b>13.0 SMÅ SAMFUNN.....</b>	<b>38</b>
<b>14.0 VALD I EIT SAMFUNNSØKONOMSIK PERSPEKTIV .....</b>	<b>38</b>
<b>15.0 OVERSIKT OVER KOMMUNALE TENESTER .....</b>	<b>39</b>
15.1 Barneverntenesta.....	39
15.2 Barnevernvakt.....	40
15.3 Barnehage.....	40
15.4 Fastlege.....	40
15.5 Helsestasjons- og skulehelseteneste.....	40
15.6 Helse- og omsorgstenesta.....	41
15.7 Krisesenter for Sunnmøre.....	41
15.8 Legevakt.....	42
15.9 NAV.....	42
15.10 Overgrepsmottaket.....	42
15.11 Skulen.....	43
15.12 Tannhelsetenesta.....	43
<b>16.0 VIKTIGE SAMARBEIDSAKTØRAR OG NASJONALE TENESTER .....</b>	<b>44</b>
16.1 Alarmtelefonen for barn og unge – 116 111.....	44

16.2 Alternativ til vold (ATV).....	44
16.3 Medisinsk naudtelefon - 113.....	44
16.4 Barneombudet.....	44
16.5 Dinutvei.no – Nasjonal veiviser ved vald og overgrep.....	45
16.6 Familievernet.....	45
16.7 Hjelpetelefonen for seksuelt misbrukte.....	45
16.8 Konfliktrådet.....	45
16.9 Kompetanseteamet mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse.....	45
16.10 Norske kvinners sanitetsforeining.....	45
16.11 Politiet.....	46
16.12 Redd Barna.....	46
16.13 RVTS.....	46
16.14 Statens barnehus.....	47
16.15 Stine Sofies Stiftelse / Stine Sofie Senteret.....	47
16.16 Senter mot incest og seksuelle overgrep Møre og Romsdal (SMISO).....	47
16.17 Støttesenter for kriminalitetsutsatte.....	48
16.18 TryggEst – vern av risikoutsette vaksne.....	48
16.19 Vern for eldre (VFE).....	48
16.20 Vold- og overgrepslinjen.....	48
<b>17.0 INFORMASJON OM RETTAR TIL VALDSUTSETT.....</b>	<b>49</b>
17.1 Bistandsadvokat.....	49
17.2 Valdsoffererstatning.....	49
<b>18.0 FUNN I KARTLEGGINGA.....</b>	<b>50</b>
<b>19.0 SATSINGSOMRÅDER/TILTAK.....</b>	<b>52</b>
19.1 Framlegg til tiltaksplan 2021 - 2025.....	52
19.2 Om tiltaka.....	54
19.2.1 Krisesenter for Sunnmøre som kompetanseinstans.....	54
19.2.2 Nettverksmøter på systemnivå.....	54
19.2.3 Kompetansehevingstiltak.....	54
19.2.4 Valdsveke.....	55
19.2.5 Samordning av informasjon retta mot barn og unge.....	55
<b>20.0 HANDLINGSKORT / FLYTSKJEMA.....</b>	<b>55</b>
20.1 Kva gjer du ved MISTANKE OM VALD OG OVERGREP MOT BARN.....	55
20.2 Kva gjer du ved MISTANKE OM VALD I NÆRE RELAJONAR.....	55
20.3 Flytskjema – barn og unge.....	55
<b>21.0 NETTRESSURSAR:.....</b>	<b>55</b>
21.1 For alle.....	55
21.2 For deg som jobbar med barn og unge.....	56
21.3 For deg som jobbar med eldre.....	56
21.4 For deg som jobbar med vaksne menneskjer med nedsett funksjonsevne.....	56
21.5 For deg som jobbar med mennekjer med flyktning eller invandrarbakgrunn.....	57
<b>22.0 EVALUERING.....</b>	<b>57</b>
<b>23.0 LOVVERK.....</b>	<b>57</b>
<b>24.0 RAPPORTER, UNDERSØKINGAR OG LITTERATUR.....</b>	<b>58</b>

24.1 Vald og seksuelle overgrep mot barn:.....	58
24.2 Øvrig litteratur: .....	59
24.3 Vedlegg.....	61

HØYRINGSUTKAST

## 1.0 INNLEIING

Vald i nære relasjonar har eit betydeleg omfang og utgjør eit samfunns- og folkehelseproblem. Bruk av vald er i strid med norsk lov, og eit angrep på grunnleggjande menneskerettar.

I 2010 kom Kriesesenterlova som slo fast at alle kommunar skulle ha eit kriesesentertilbod både for kvinner, menn og barn. Det er ikkje lenge sidan det snevre omgrepet *kvinnemishandling* vart erstatta med omgrepet *vald i nære relasjonar*. Spissformulert har utviklinga gått frå ignoranse til nulltoleranse.

Personar i ALLE aldra, både born, vaksne og eldre, kan utøve og utsetjast for vald.

Omfattande forskning viser at vald i nære relasjonar, anten det er å vere vitne til vald eller å bli utsatt for direkte vald, seksuelle overgrep eller krenking, kan føre til omfattande negative konsekvensar på kort og lang sikt. Kommunen har eit særleg ansvar for å førebyggje, avdekkje og avverje vald og overgrep.

### 1.1 Om handlingsplanen

Handlingsplanen er ein fagplan og har varigheit på fire år. Den tek utgangspunkt i nasjonale føringar og skal gi felles retning for kommunane sitt arbeid mot vald i nære relasjonar på Sunnmøre.

Handlingsplanen inneheld:

- Kunnskapsdel - Informasjon om vald i nære relasjonar, plikt og rettar
- Handlingsdel - Våg å sjå, våg å spørje, kunnskap til å handle - Prosedyrar for handtering av saker som omhandlar vald i nære relasjonar
- Oversikt over hjelpeapparatet - kommunale tenester, samarbeidsaktørar, nasjonale tenester og nettressursar
- Satsingsområder for planperioden, med forslag til tiltak

Handlingsplanen er kjønnsnøytral. Vi snakkar om valdsutsett og valdsutøvar.



## 2.0 BAKGRUNN OG PLANPROSESS

Få av våre kommunar hadde utarbeida handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

Rådmannsgruppa i Sjustjerna gjekk saman om å søkje midlar og fekk tildelt prosjektskjønnsmidlar frå Fylkesmannen til arbeidet med ein interkommunal handlingsplan. Valdskoordinator vart tilsett i prosjektstilling i 2019, med Ørsta som vertskommune. Ålesund kommune fekk i 2019, på vegne av Krisesenter for Sunnmøre, tildelt midlar til utarbeiding av handlingsplanar for samarbeidskommunane.

Det vart inngått eit samarbeid mellom prosjekta og med RVTS.

Korona-pandemien gjorde det vanskeleg å arrangere nettverksmøter/samlingar i planprosessen. Det vart nedsett ei lita arbeidsgruppe og kommunane utpeika ut ein kontaktperson som representerer kommunen i prosjektet.

For å eit godt grunnlag for arbeidet med handlingsplanen og satsingsområder i planperioden vart det gjennomført ei spørjeundersøking blant alle tilsette.

Arbeidsgruppa:

Lene Bjåstad – valdskoordinator, Sjustjerna

Cecilie R. Teunissen – leiar, Krisesenter for Sunnmøre avd. kvinner og barn

Lodvar Espeland – rådgjevar, Ålesund kommune

Siri Leraand – rådgjevar, RVTS-Midt

Kommunale representantar i prosjektet:

- Ørsta - Lene Bjåstad, valdskoordinator
- Ulstein - Kristin Meli, leiande helsesjukepleiar
- Hareid - Kjerstin Bjørdal Alnes, koordinator rus og psykiatri
- Sande - Elin Almestad, konsulent oppvekst og kultur
- Herøy - Runa Bakke, avdelingsleiar barn, familie og helse
- Vanylven - Magni Vildalen, avdelingsleiar førebygging og rehabilitering
- Volda - Torill Osborg Vinjevoll, seksjonsleiar barnevern
- Ålesund - Line Volstad Melbye, avdelingsleiar helsestasjonstenester
- Giske - Gretha Giske, einingsleiar barn, familie og helse
- Fjord - Kjetil Heggem, kommunalsjef helse- og omsorg
- Sula - Camilla Vee, einingsleiar bu- og avlasting
- Sykkylven - Linda Hovland, einingsleiar barne og familietenester
- Stranda - Aina Holmberg, einingsleiar barnevernstenester

Illustrasjonane i planarbeidet er utforma av Liza Hasan.



## 2.1 Visjon

«Våg å sjå, våg å spørje, kunnskap til å handle»



## 2.2 Formål

Formålet med handlingsplanen er å:

- sette vald i nære relasjonar på dagsorden på Sunnmøre
- auke kunnskapen og handlingskompetanse til dei tilsette i kommunane
- førebyggje vald i nære relasjonar
- gi informasjon om vald i nære relasjonar og hjelpetilbod til innbygarane
- samordne den førebyggjande innsatsen mot vald i nære relasjonar

## 2.3 Målgruppe

Planen inneheld mål og tiltak mot vald i nære relasjonar i eit livsløpsperspektiv.

## 2.4 Forankring

Skal vi lykkast i arbeidet mot vald i nære relasjonar er det avgjerande at dette temæt kjem på dagsorden i kommunane. For ein vellykka implementeringsprosess må handlingsplanen vere fagleg relevant, konkret og opplevast nyttig av tenesteutøvarar. Arbeidet og tiltaka må forankrast politisk og administrativt på leiarnivå.



## 2.5 Kommunen sitt ansvar

Kommunen sitt ansvar fannar vidt og er eit samansett arbeidsfelt. Kommunen har eit særleg ansvar for å førebyggje, avdekkje og avverje vald og overgrep. Oppgåvene ligger i eit stort spenn frå generelt folkehelsearbeid til tett individuell oppfølging av enkeltpersonar.

Nokon lovbestemmelsar for kommunen si verksemd:

**Plan og bygningslova (2008)** Oppgåver og omsyn i planlegging etter lova: Fremje befolkninga si helse og motverke sosiale helseforskjellar, samt bidra til å førebyggje kriminalitet, § 3-1.

**Folkehelselova (2011)** Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid, § 1.

**Barnehagelova (2005)** Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og lek, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane, § 1.

**Opplæringslova (1998)** Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet, § 1-1.

**Barnevernlova (1992)** Formålet er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, § 1-1.

**Helse- og omsorgstenestelova (2011)** Formålet er særleg å førebyggje, behandle og tilrettelegge for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne, fremme sosial tryggleik, betre levevilkåra for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem, § 1-1. Kommunen skal ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan vere utsatt for, eller kan stå i fare for å bli utsatt for, vald eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstenesta blir i stand til å førebyggje, avdekkje og avverje vald og seksuelle overgrep, § 3-3 a.

**Lov om sosiale tenester i Arbeids- og velferdsforvaltninga (2009)** Formålet med lova er å betre levekåra for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, herunder at den enkelte får muligheit til å leve og bu sjølvstendig, og fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Lova skal bidra til at utsette barn og unge og deira familie får eit heilskapleg og overordna tenestetilbod. Lova skal bidra til likeverd og likestilling og førebyggje sosiale problem, § 1.

**Krisesenterlova (2009)** Kommunen skal sørge for eit krisesentertilbod som skal kunne nyttast av personar som er utsette for vald eller trugslar om vald i nære relasjonar, og som har behov for rådgjeving eller eit trygt og mellombels butilbod, § 2. Kommunen skal sørge for at kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, får ei heilskapleg oppfølging gjennom samordning av tiltak mellom krisesentertilbodet og andre delar av tenesteapparatet.

### **2.5.1 Samordning av tenester**

Kommunane har ansvar for å samordne tenestene sine og sørge for at utsette for vald i nær relasjon får heilsakeleg oppfølging. Dette forutsetter tverretatleg samarbeid, på systemnivå og i enkeltsaker. Samarbeidet må omfatte både kommunen sine egne tenester, krisesenter, andre tilbod for valdsutsette/valdsutøvar og statlige tenester som politi, familievern og spesialisthelsetenester.

## 3.0 PLANVERK

### 3.1 Sentrale føringar

Arbeidet med å førebygge, avdekkje og setje inn tiltak mot vald i nære relasjonar blir styrt av internasjonale forpliktingar, nasjonale og sentrale føringar, i lovverk, handlingsplanar og forskrifter. Her vil vi trekke fram føringar det er viktig å kjenne til:

- Regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og overgrep 2017-2021
- Regjeringa sin handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangs-ekteskap og kjønnslemlestelse, Retten til å bestemme over eget liv 2017-2020
- Regjeringa sin strategiplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, Barndommen kommer ikke i reprise 2014–2017
- Regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar, Eit liv utan vald 2014-2017. I juni 2019 varsla regjeringa oppstart av arbeidet med ein ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar.
- Regjeringa sin handlingsplan mot valdtekt, 2019-2022
- FNs verdenserklæring om menneskerettigheter
- Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen (EMK)
- FNs barnekonvensjon



## 4.0 DEFINISJONAR

### 4.1 Vald

Verdens helseorganisasjon, WHO, definerer vald som "forsettlig bruk av, eller trussel om, fysisk makt eller tvang, rettet mot en selv, andre enkeltpersoner, eller en gruppe. For å regnes som vald må handlingen resultere i, eller ha høy sannsynlighet for å resultere i død, fysisk eller psykisk skade, eller mangelfull utvikling."

Ein mykje brukt definisjon, både i Norge og internasjonalt, er Per Isdal sin: "Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil."

### 4.2 Vald i nære relasjonar

Med vald i nære relasjonar meiner ein alle former for vald eller trugslar om vald frå ein nærstående person.


I straffeloven (2005) § 282 definerast nære relasjonar som noverande eller tidligare ektefelle eller sambuar, noverande eller tidligare ektefelle sin eller sambuar sin slektning i rett nedstigande linje, slektning i rett oppstigande linje, nokon i sin husstand eller nokon i sin omsorg. Det vil seie at nære relasjonar også omfattar sysken, barn/forelder, besteforeldre og barnebarn.

Ein kan seier at ein nær relasjon inneberer at dei involverte partane har eller har hatt eit nært forhold til kvarandre, der det ofte er kjensler involvert, gjensidige forpliktingar og/eller avhengigheit.

I denne handlingsplanen inkluderer ein også storfamilie, partner, kjærasterelasjonar, vennerelasjonar og bufellesskap som nære relasjonar.

### 4.2.1 Valdsspiralen

Valdsspiralen er ei skildring av dynamikken som ofte pregar vald i nære relasjonar.




- Valdsepisode(r).
- Etter valden går ein inn i ei «reparasjonsfase» der valdsutøvar ofte kan vise kjærleik, ber om unnskyldning og lova at det aldri skal skje igjen. Den valdsutsette kan oppleve at det er håp om endring, at valden kan ta slutt og at forholdet kan bli som det var før. Mange kan også kjenne på kjensler som «han/ho er no eigentleg snill!». Denne perioden kan variere i lengde, men i mange valdelige relasjonar vil denne perioden blir stadig kortare ettersom valden eskalerer.
- Etter ei periode med ro og litt meir følelse av trygghet, startar «spenningsfasa». Den valdsutsette opplever at spenninga i heimen aukar, og den andre begynner å bli irritabel, oppfarande, kritisk og kranglete. I denne fasa brukar den valdsutsette og eventuelle heimebuande barn ulike strategiar for å roe ned situasjonen, og dei opplever at dei «går på nåler» for å unngå nye valdsepisodar. Denne fasa blir opplevd som svært belastande, og nokon valdsutsette reagerer med å «provosere» den andre bevisst for å få valden overstått, for å slippe å vere redd heile tida. Når den fysiske valden først har skjedd, venter ein ny, litt roligere fase, «reparasjonsfasen» til spenninga bygger seg opp på nytt og ny valdsepisode skjer.

#### 4.2.2 Skam og tabu

Mange valdsutsette skammar seg, og føler at det må vere noko gale med henne/han som blir utsatt for vald. Ein del klarer ikkje å identifisere seg med å vere valdsutsett, og føler seg dum og svak. Det er ikkje uvanleg at den valdsutsette føler skyld for valden.

For mange er det vanskeleg å fortelle nokon om valden, og dette fører til at valden er ein hemmelegheit dei lever med i mange år.



#### 4.2.3 Lojalitet og kjærleik

«Eg kan verken leve med deg eller utan deg!»

Å bryte ut av eit forhold preget av vold, kan krevje svært mykje. For mange er dette ein lang prosess. I utgangspunktet er det viktig å tenke over at ein valdsutsett ikkje blir i forholdet fordi man er ein spesiell type menneske, men fordi ein har blitt utsatt for ekstreme erfaringar som skaper bestemte bindingar og hindringar. Det er sterke psykologiske mekanismar som inntreffer når ein blir utsatt for fare i ein relasjon der man skal kunne søke tryggleik og kjærleik. Disse mekanismane kan gjere det er vanskeleg å bryte ut av eit valdelig forhold.

Fleire som er utsatt for partnervald fortell om håpet knytt til endring og draumen om at partner ein dag skal slutte å utøve vald, eller bli som då paret blei saman.

Nokon valdsutsette blir i forholdet på grunn av redsel for at trugslane og valden mot dei og deira kjære vil bli enda meir alvorleg dersom dei bryt ut. Vi veit at mange er spesielt utsatt for vald i brotsituasjonen. Her kan også trugslar om sjølv mord og trugslar om ikkje å få sjå barna vere ein del av den psykiske valden ein lever i.

I nokon tilfelle vil det å bryte ut av forholdet faktisk innebære fare for å bli drept. Det er viktig å forstå at det kan ligge heilt konkrete sikkerheitsmessige grunnar til for å bli hos ein som utøver vald.

Nokon valdsutsette skildrar press frå øvrig familie på å halde sammen som par så stort, at moglegheita for å gå frå partner kan virke svært avgrensa. Ein del kvinner frå storfamilie-kulturar kan fortelle om skam ein som skilt kvinne då vil påføre familien. Andre fortel om den økonomiske og sosialt vanskelige situasjonen eit brot vil medføre.

### **Barn sin lojalitet og redsel**

Barn fortel sjeldan andre om kva dei har blitt utsatt for, når det gjeld vald eller overgrep i nær relasjon. Den vaksne omsorgspersonen som barn er avhengig av i form av stadfesting, kjærleik og tillit blir også den som utsetter barnet for det den skal bli beskytta mot.

Redselen for å fortelje kan omhandle ytre mekanismar. Barnet kan få beskjed om at overgrepet er ein hemmelegheit mellom dei og dersom dette blir fortalt kan for eksempel mor dø eller bli skada. Barnet kan få høyre at ingen vil tru på historia eller dei kan vere redde for å mamma, pappa nokon dei er glad i må i fengsel. Det er derfor svært viktig at vi som ser barn som viser symptom, tør å tenke at barnet kan vere utsett for slike handlingar.

---

*Overgrepa skal ha skjedd i ei periode på seks år. Jenta var om lag fire år då overgrepa starta, og skal ha skjedd då ho var på overnattingsbesøk hos bestefaren.*

*Retten peikar også på at mannen skal ha trua med at foreldra kunne bli skada om ho fortalde om overgrepa til nokon.*

*Nordmøre tingrett, september 2020*

---

Og igjen - Vi må våge å sjå, våge å spørje og ha kunnskap til å handle.



## 5.0 ULIKE FORMER FOR VALD

Vald handlar om meir enn å slå!

Oversikta er ikkje uttømmende.

### 5.1 Fysisk vald

Er vald som inneberer fysisk kontakt – for eksempel spark, slag, å lugge, bite, brenne, klore, dytte, fasthalding, risting, kvelartak. Innesperring og isolasjon er også former for fysisk vald.

### 5.2 Psykisk vald

Bruk av ord og stemme som truar, skadar, krenkjer eller kontrollerer andre. Å nedvurdere, vere likegyldig til og audmjuke andre er også former for psykisk vald. Eksemplar er: «Eg skal drepe deg!», «du er ikkje verdt noko!», «du er så stygg og feit at ingen kan vere glad i deg!».

### 5.3 Vitne til vald

Å vere vitne til vald kan vere minst like skadeleg som å sjølv bli utsett for det!

### 5.4 Seksuell vald

Er alle former for seksuell krenking. Eksempel: Handlingar eller forsøk på handlingar som inneberer fysisk kontakt som berøring, beføling, slikking, suging, masturbasjon, samleieliknande handlingar, samleie og valdtekt, og handlingar eller forsøk på handlingar utan fysisk kontakt som seksualisert tilsnakk, blotting, fotografering, filming, kikking og framvising av pornografi.

Overgrepa gjerast mot den utsette si vilje, eller mot ein som ikkje er samtykkekompetent.

### 5.5 Latent vald

Er vald som verkar i kraft av si mulighet. I nære relasjonar der vald har hendt, kan den latente valden utvikle seg til å bli den dominerande valdsforma. Risiko for ny vald kan styre alt den valdsutsette gjer utan at det føreligg nokon aktiv trugsel. Det å ha opplevd vald gjer at ein veit at det kan skje igjen.

### 5.6 Materiell vald

Er vald som går ut over ting og gjenstandar. Dette inkluderer for eksempel å knuse eller øydeleggje vindauge og dører, kaste gjenstandar (på nokon), øydeleggje ting andre er glad i/som betyr noko for dei, rive i stykke klede, kaste og rasere inventar. Særlig dersom vedkomande tidligare har utøvd fysisk vald, vil den materielle valden virke skremmande og lammande.

### 5.7 Økonomisk vald

Er kontroll over den valdsutsette sin økonomi, eller truglar og tvang i økonomiske spørsmål. Konsekvensen er ofte økonomisk underdanighet og avhengighet.

### 5.8 Usunn kontroll

Er når nokon krev kontroll over deg og livet ditt. Kontrollen kan dreie seg om tid, aktivitet, økonomi, informasjon, sosial kontakt, påkledning, åtferd og vaner.

## 5.9 Digital vald

Trugslar og trakassering via meldingar, overvaking og kontroll via mobiltelefon eller sosiale mediar, eller stygge meldingar posta på nett. Omfattar også trugslar, trakassering og seksuelle overgrep som følgje av kontakt etablert på nett.

## 5.10 Æresrelatert vald

Handlar om vald mot eit individ som er medlem i eit samfunn med patriarkalsk struktur med kollektivt verdsett. Æresrelatert vald kan utarte seg på mange ulike måtar, som trugslar, utstøyting, fridomsrøving, drap, samt å bli pressa til sjølv mord. Målet med æresrelatert vald er å forhindre tap av ære eller å gjenopprette tapt ære til storfamilien.

## 5.11 Menneskehandel

Menneskehandel betyr at ein person ved hjelp av vald, trugslar, misbruk av sårbar situasjon eller annen utilbørlig atferd utnytter nokon til prostitusjon eller andre seksuelle formål, tvangsarbeid og tvangstenester, herunder tiggning, krigsteneste i framand land eller fjerning av vedkommande sine organ, med formål om å oppnå økonomisk vinning eller andre fordeler (straffeloven § 257).

## 5.12 Tvangsekteskap

Tvangsekteskap kan definerast som ekteskap som er organisert slik at minst ein av ektefellane

- ikkje har ei reell muligheit til å velje å forbli ugift utan å bli utsatt for represaliar
- ikkje har ei reell muligheit til å velje ein annan partnar på tvers av familien sitt ynskje utan å bli utsatt for represaliar
- har samtykka til ekteskap etter utilbørlig press, trugslar eller annan psykisk/fysisk vald.

## 5.13 Kjønnslemlesting

Kjønnslemlesting er uttrykk for ulike inngrep der jenter sine ytre kjønnsdelar blir fjerna heilt eller delvis, eller blir påført annan varig skade utan medisinsk grunngjeving. Dette er ein gammal tradisjon fleire stadar i verden. Mange kallar dette omskjering eller sunna.



## 6.0 OMFANG

### 6.1 Nasjonalt

Det er vanskeleg å fastslå den eksakte førekomsten av vald i nære relasjonar. Ulike kjelder gir forskjellige anslag.

Omfangsundersøkinga frå 2014 på vald og valdtekt i Norge, utført av Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) viser at:

- omtrent like mange menn (16,3 prosent) som kvinner (14,4 prosent) rapporterte om mindre alvorleg partnarvald nokon gong i livet (kniping, klort, lugget eller slått med flat hand).
- Fleire kvinner (8,2 prosent) enn menn (1,9 prosent) hadde vorte utsett for alvorleg vald frå partnar (sparka, tatt kvelartak på, banka opp).
- kring 5% prosent har vorte utsett for alvorleg vald i oppveksten.

Tall frå politiet sin nasjonale rapport om meldt kriminalitet og straffesaksbehandling viser at det i 2018 blei registrert 3509 anmeldelsar for mishandling i nære relasjonar. Ein har grunn til å tru at mørketala er store.

I Oktober 2019 kom studien Ungdoms erfaringer med vald og overgrep i oppveksten: En nasjonal undersøkelse av ungdom i alderen 12 til 16 år (UEVO-undersøkinga). Denne studien er den første nasjonalt representative omfangsundersøkinga om vald og overgrep blant barn og ungdom i Norge.

UEVO-undersøkinga viser at:

- 1 av 5 barn har opplevd fysisk vald frå ein vaksen i heimen, minst ein gong.
- 1 av 20 har opplevd alvorleg fysisk vald som å bli sparka eller banka opp av ein vaksen i heimen.
- 6 % har opplevd seksuelle overgrep frå ein vaksen.
- 1 av 5 har opplevd psykisk vald frå sine foreldre.
- Kun 1 av 5 som har opplevd vald eller overgrep hadde vore i kontakt med ein helsesjukepleiar, barnevernsarbeidar eller annan profesjonell hjelper.
- Omtrent halvparten av ungdommane som har opplevd vald og overgrep har aldri fortalt det til nokon.

Andre undersøkingar viser:

- 8 % har erfart vald mellom foreldra sine (Mossige & Stefansen 2016).
- I Norge har mellom 56 500 og 76 000 heimebuande personar vore utsatt for vald eller overgrep etter at dei fylte 65 år (Sandmoe, A., Wentzel-Larsen, T., & Hjemdal, O. K. (2017).
- I perioden 2010-2019 vart det registrert 298 drapsoffer i Norge (Nasjonale drapsoversikt, Kripos 2019).
  - 75 vart drept av partner/ekspartner
  - 26 vart drept av sin forelder
  - 16 vart drept av sitt barn
  - 10 vart drept av kjæraste eller tidlegare kjæraste
  - 16 vart drept av andre med familiar relasjon
- Det er estimert at 5-15 spedbarn blir alvorleg skada av *Shaken Baby Syndrome* kvart år i Norge, og at omlag 5 av dei dør av skadane. (Keenan et al. 2003, Rasmussen et al. 2012).

## 6.2 Lokalt


### 6.2.1 Tal frå Krisesenteret

Krisesenter for Sunnmøre dekker heile regionen. Det er eit interkommunalt tilbod og Ålesund kommune er vertskommune. Krisesenter for Sunnmøre har fråskilte tilbod for kvinner og barn og menn og barn.

I 2019 nytta 50 kvinner og 35 menn butilbodet på Krisesenter for Sunnmøre. Tilsaman utgjorde det 1404 overnattingsdøgn. I tillegg var det 35 barn som budde på senteret og samla budde barna der i 1192 døgn.

Ein kan også nytte krisesenteret som eit dagtilbod for å få støtte, råd og rettleiing. 188 personar nytta dette tilbodet i 2019.

Ser ein tala over tid har dei vore relativt stabile (oversikta under gjeld berre bebuarar ved senteret for kvinner og barn).





## 7.0 SÅRBARE GRUPPER

ALLE som lever med vald inngår i ei sårbar gruppe. Menneskjer som lever i ein valdsrelasjon er ofte på grunn av belastninga dette medfører frårøva naudsynt energi og ressursar det krevjer å søkje hjelp og bryte ut av relasjonen.

I samfunnet deler vi ofte innbyggjarane inn i barn, vaksne og eldre. Blant disse finner vi menneskjer som på grunn av alder, funksjon eller andre sosiale forhold er spesielt sårbare. Nokon av desse gruppene har vi gitt ei kort skildring av.

## 7.1 Barn og unge 0-18 år

Barn blir utsatt for ulike former for vald i nær relasjon. Det kan vere fysisk og psykisk vald, seksuelle overgrep, incest, usunn kontroll og så vidare. Barn kan også bli ramma indirekte ved å sjå, høyre eller ane vald eller konsekvensane av den. Å vere vitne til vald er minst like skadeleg som å sjølv bli utsatt.


Å bli utsatt for vald som barn har alvorlige konsekvensar for barnet si utvikling. Forsking viser at å bli utsatt for vald som barn auka risikoen for å bli utsatt for vald i vaksen alder. NOU rapporten Svikt og svik (2017) avdekkjer at samarbeidet og samhandlinga rundt barn som blir utsatt for vald i dag ikkje er tilstrekkelig.

## 7.2 Eldre (over 65 år)

Menneskjer som er eldre er sårbare med tanke på å bli utsatt for vald. Det kan handle og partnervald, vald frå barn, barnebarn eller andre som står ein nær. I mange tilfelle dreier vald mot eldre seg om trugslar.

Det viser seg at det er vanskeligare å avdekkje overgrep mot eldre, enn mot for eksempel barn, fordi eldre er meir isolerte og lite synlige for resten av samfunnet. Normale aldersforandringar kan skjule eller forvekslast med skadar som har årsak i vald. Overgrepsofferet er ofte lojal mot overgripar, og vil beskytte han/henne.

Vald mot eldre kan ha spesielt alvorlige konsekvensar fordi eldre er fysisk svakare og meir sårbare enn yngre vaksne. Sjølv ei relativt mild valdshandling kan forårsake permanent og meir alvorleg skade.



### 7.3 Personar med funksjonsnedsetting

Fleire faktorar kan forklare at menneske med funksjonsnedsetting er meir sårbare. Ein betydeleg del av dei som har funksjonsnedsetting, er i ein avhengigheits-situasjon til valdsutøvar og/eller er avhengig av offentlige tenester, assistanse og pleie. Slik avhengighet inneberer ein betydelig maktforskjell og dermed også auka sårbarhet.

Nokon bur på institusjon eller i bufellesskap og er utsatt for vald frå andre bebuarar. Mange, især personar med utviklingshemming, kan vere isolerte. Det kan derfor vere vanskelig for utanforståande å oppdage kva som skjer.

Resultat frå ulike undersøkingar er noko sprikande, men heller likevel i retning av at personar med funksjonsnedsettinga er meir utsatt for vald i nære relasjonar enn personer utan funksjonsnedsetting.

### 7.4 Personar med utviklingshemming

Menneske med utviklingshemming reknast som meir sårbare for vald og overgrep enn menneske i befolkninga elles.

Ein av grunnane til dette er den intellektuelle og mentale kapasiteten. Menneske med alvorleg grad av utviklingshemming er meir sårbare når det gjeld å beskytte seg sjølv mot vald og seksuelle overgrep. Det å ha ei mildare form for utviklingshemming kan også utgjere ein særleg risiko for å utsettast for slike handlingar.

Generelt kan man seie at personar med utviklingshemming er meir sårbare enn andre på mange områder i livet. Det finnst lite kunnskap om omfang av vald mot personar med utviklingshemming i Norge. I ein studie frå 2001 anslår ein at førekomensten av alvorlige seksuelle overgrep mot personar med utviklingshemming er meir enn dobbelt så stor som hjå befolkninga for øvrig. Førekomensten estimerast til 12 prosent for kvinner og seks prosent for menn (Kvam 2001).

Internasjonale studiar tyder på at personar med utviklingshemming er tre til fire gongar meir utsatt for ulike former for vald og overgrep enn den øvrige befolkninga. Det er noko usikkerheit knytt til omfangstalla, blant anna på grunn av kommunikasjonsutfordringar og problem med å svare på spørsmål i spørjeundersøkingar. Mangelfull kunnskap om grensesetting og eigen fysisk integritet kan samtidig representere ei hindring i forhold til å forstå og uttrykke at det har skjedd eit overgrep.

Personar med utviklingshemming vil, på same måte som personar med andre former for funksjonsnedsettingar, i større utstrekning enn befolkninga elles vere i ein avhengnadssituasjon til overgripar. Dette gjer det vanskelig å melde eller varsle om overgrep og å nytte ordinære kanalar og system for slik varsling.



## 7.5 Personar med psykiske og/eller rusrelaterte utfordringar

Personar med psykiske lidningar og/eller rusrelaterte utfordringar, kan ha høgare risiko og vere meir sårbare for vald i nære relasjonar enn andre personar.

Ei kartlegging av valdserfaringar blant personer under behandling for rusavhengighet, viste at 21 av 26 kvinner hadde vore utsett for vald i ein nær relasjon. For 16 av kvinnene var valdsutøvar noverande eller tidligare partner (ATV og Tyrilistiftelsen 2010).

Undersøkinga gir ein indikasjon på dei store utfordringane disse gruppene har. Rusmisbruk og psykiske lidningar opptrer ofte saman. Det dreier seg ofte om svært kompliserte samspel mellom ei rekke faktorar som genetisk sårbarheit, oppvekstforhold, livshendingar og sosiale faktorar.



## 7.6 Personar med flyktning- eller innvandrarbakgrunn

Migrasjon er ein av fleire faktorar som kan bidra til å auke sårbarheita til enkeltpersonar eller grupper av menneske. Flyktning- og innvandrarar sin livssituasjon og posisjon i samfunnet kan gjere dei ekstra sårbare. Sosial isolasjon og manglande sosial integrering kan auke risikoen for at valden får fortsette og tilta, utan at andre kan bidra til å stoppe den.

Fleirtalet av dei som i dag nyttar seg av krisesentera sine butilbod er personar med innvandrarbakgrunn. I 2001 utgjorde kvinner med innvandrarbakgrunn ein tredjedel av brukarane, i 2006 over halvparten (56 prosent), og i 2011 var 62 prosent av brukarane kvinner med etnisk minoritetsbakgrunn. Rundt en fjerdedel av kvinnene var utsatt for vald frå ein etnisk norsk partnar (Sentio Research 2012).



## 8.0 VALDSUTØVAR

Det kan vere ulike årsaker til at ein person utviklar eit valdsproblem. Vald kan vere ein personlig måte å takle vanskelege kjensler på. Eit eksempel kan vere å bli sint på ein skremmande måte, eller slå, slik at ein framstår som stor og sterk, i staden for å vise frem den vanskelege kjensla som var der i utgangspunktet i situasjonen. Vanskelege kjensler kan for eksempel vere å føle seg liten, skamfull, føle seg trakka på, føle seg lite verd, føle at ein ikkje strekker til eller avmakt.

Vald kan også vere knytt til oppfatningar om kjønnsroller og eit undertrykkande menneskesyn. Dersom utøver av vald tenker at det ligger til sin rett og plikt som familieoverhovud, vil det kunne bidra til at vald førekjem og varer ved. Ein annan årsaksfaktor kan vere at vald opplevast som ein «normaltilstand», det vil seie at valden alltid har vore ein del av livet og livserfaringane. I dette kan det eksempelvis ligge at utøver av vald kan ha hatt ein valdsutøvande forelder som rollemodell.

Vald kan altså vere eit resultat av traumatiske barndomserfaringar knytt til vald. Vi veit i dag at svært mange av dei som utøver vald i nære relasjonar, har opplevd vald i sin eigen oppvekstfamilie.

Valden har ikkje oppstått på grunn av familieproblem, men det vil skapast familieproblem av dette valdssystemet.

Per Isdal.

(Meningen med volden, kommuneforlaget 2000).

## 8.1 Hjelp til valdsutøvar

Norge var tidleg ute med å tenke at utøvarar av vald i nære relasjonar trengjer hjelp for å klare å slutte å utøve vald. Det betyr at de fleste som arbeider med helse og omsorg er oppmerksame på at vald førekjem i mange familiar. Blant dei allmenne offentlege hjelpetenestene kan ein snakke med både fastlegen, helsestasjon, sosialtenesta og psykisk helsevern om behovet for hjelp.

Det er fleire verksemder som arbeider særskilt med å tilby spesialisert hjelp til utøvarar av vald i nære relasjonar. Dette er:

- Familievernkontora
- Sinnemestring etter Brøset-modellen - eit landsomfattande tilbod til personar over 18 år
- Alternativ til Vold (ATV).

## 9.0 VÅG Å SJÅ

Avdekking fordrar kunnskap.

### 9.1 Teikn på vald og overgrep

Det finnst mange former for vald og overgrep. Nokon er synlege, andre er mindre openbare.

Ein skadetype åleine er ikkje eit sikkert teikn på mishandling. Det er grunn til bekymring dersom du finner fleire eller gjentekne teikn, eller forklaringar på korleis det skjedde ikkje stemmer med den faktiske skaden.

Her ei oversikt over nokon valdstypar og teikna du skal sjå etter:



#### 9.1.1 Fysisk vald

Typiske teikn på at ein person kan ha blitt utsatt for fysisk vald:

- **Hevelse, blåmerke, rift, kutt eller arr**
  - Eitt eller fleire blåmerke/arr som dannar mønster i huda, eller fleire med same størrelse eller form.
  - Raude prikkar rundt hals/nakke, rundt handledd og/eller rundt anklar
- **Brannskadar**
  - Merke etter gjenstandar som sigarettar, bestikk, strykejern
  - Skåldekskade som har tydelige grenser mot frisk hud

- **Bitemerker**

- Bitemerke personen ikkje har påført seg sjølv
- Når der er meir enn 3 cm mellom merka mellom hjørnetenna, er bitet sannsynleg påført av ein vaksen

- **Skadar på øyre, nase, hals og auge**

Ein person som blir mishandla, får ofte skade i ansiktsområdet. Typiske skadar er:

- Sår i munnhole - kan vere teikn på tvangsmating
- Hevelse, bløding, rift og sår på lepper
- Hevelse, misfarging og teikn på kraftig lugging i hovudbotnen
- Hevelse, bløding og misfarging rundt og i auge

- **Skjelettskader/beinbrot**

- Brot som blir oppdaga tilfeldig på ein kontroll
- Gjentekne brotskadar

- **Hovudskadar**

Teikn på at ein person har fått hovudskade, kan vere:


- Endra bevisstheit
- Krampe og anfall
- Uregelmessig pust og/eller brekningar

- **Feilmedisinering og forgifting**

Ein person som får ein høgare dose medisin enn anbefalt eller føreskrive av lege, kan bli forgifta.

Teikn på forgifting er:

- Nedsett bevisstheit
- Krampar
- Oppkast
- Diare
- Unormalt pustemønster



### 9.1.2 Psykisk vald

Psykisk vald kan vere negative eller fiendtlege haldningar eller handlingar, utan bruk av fysisk makt, som kan gi den utsette ein kjensle av frykt avmakt, skyld, skam, mindreverd, fortvilning eller grunnleggande kjensle av å ikkje ver ynskja eller elska.

Eksempel på psykisk vald:

- **Trugslar**
  - Om å forlate personen i sårbare situasjonar
  - Om å skade eller drepe nokon
  - Om å drepe kjæledyr
  
- **Nedvurdering og ydmykelse**
  - Nedsettande eller sårande utsagn
  - Verbale skuldingar
  - Kritikkk av nokon sin verdi
  
- **Avvising**
  - Ignorering
  - Neglisjering
  - Ekskludering
  
- **Tvang**
  - Tvinge nokon til å innrømme uberettiga skuld
  - Overstyre nokon sin vilje når det ikkje er heimla i lov
  
- **Materiell og latent vald**
  - Tilsikta øydelegging av ting
  - Å vere vitne til vald
  - Frykt for nye valdshandlingar
  
- **Negativ sosial kontroll**
  - Overvaking
  - Kontroll over kven ein får snakke med
  - Kontroll over kva vennar ein får ha
  - Kontroll over kva kjæreste ein får ha
  - Kontroll over kven ein får gifte seg med
  - Kontroll over bruk av sosiale media, internett og mobil
  - Kontroll over kva personane har på seg/klesdrakt

### 9.1.3 Seksuelle overgrep

Seksuelle overgrep etterlet seg ofte ikkje fysiske spor eller forandringar og kan derfor vere vanskeleg å oppdage. Personar som har vore utsatt for seksuelle overgrep kan likevel vise fysiske eller psykiske teikn.

Eksempel på seksuelle overgrep:

- Valdtekt
- Beføling innanfor eller utanpå klede utan samtykke
- Blotting
- Visning av pornografiske filmar/ bilete utan samtykke, eller til ein som er under 18 år
- Å gjere noko seksuelt mot ein person som
  - ikkje samtykker
  - søv
  - er ruspåverka
  - er under 16 år
  - er under 18 år og i ein særleg sårbar livssituasjon
- Å bruke eit seksualisert språk til nokon som ikkje vil det
- Tvunge samleie
- Inntrenging i munn, skjede, eller analopning utan samtykke
- Å tvinge nokon til å
  - utføre seksuelle handlingar på overgripar
  - utføre seksuelle handlinga på seg sjølv
  - stikke objekt inn i kroppen sitt holrom
  - ta nakenbilete av seg sjølv eller andre
- Å utnytte eit tillitsforhold/avhengigheitsforhold til å skaffe seg seksuell omgang
- Incest

Sjå filmsnutt om samtykke [her](#). (*Samtykke, like enkelt som (å lage) ein kopp med te*).

#### 9.1.3.1 Fysiske teikn

- vanskelig å sitte eller gå
- merker, blødning, blåmerker, risp eller sår ved rumpe/lår
- blødning i underlivet
- spor av sæd på kropp, klede, gjenstandar
- kjønnsjukdommar
- graviditet
- forandring i utflod
- øydelagt, blodig eller tilgrisa undertøy
- smerte eller ubehag ved tissing eller ved avføring
- unngår kroppsleg kontakt med partner, familie og vener
- tilbakevendande urinvegsinfeksjonar
- magesmerte, forstopping
- frykt for undersøking hjå lege/gynekolog
- vaginalt eller analt traume
- tannråte

## 9.2 Reaksjonar og symptom på vald eller overgrep

Personar som er utsatt for vald eller overgrep kan ha varierende reaksjonar eller symptom. Ein del viser ikkje tydelege reaksjonar i det heile tatt, medan på andre kan symptom på vald og overgrep kome gradvis - eller akutt.

Eksempla under er ikkje uttømmende. Personen kan også gi andre signal enn dei som blir skildra her. Det er også viktig å huske på at det ikkje nødvendigvis er samanheng mellom symptoma skildra under og at personen lever i ein vanskeleg situasjon. Likevel bør vi skjerpe vår merksemd rundt vedkomande, dersom han eller ho viser slike symptom.

- **Kjenslemessige reaksjonar**
  - Endring i humør
  - Angst, uro, stress eller frykt
  - Aggressivitet
  - Mangel på mimikk/apati
  - Søvnproblem eller gjentakande mareritt
- **Uvanlege reaksjonar på hendingar eller personar**
  - Endra åtferd når ein bestemt person er tilstade
  - Overdriven merksemd overfor ein bestemt person
  - Reagerer uvanlig på smak, lukt, rørsler eller liknande
  - Verkar ukritisk overfor framande
- **Problem med intimitet og nærleik**
  - Unngår intimitet med partnar
  - Unngår nærleik med familie og vener
  - Vanskeleg å få kontakt med
  - Manglande kjenslemessig tilknytning til andre personar
- **Destruktiv eller grenseoverskridande åtferd**
  - Sjølvskading
  - Sjølvmordsforsøk
  - Eteproblem
  - Alkohol- og stoffmisbruk
  - Overdreven seksualisert åtferd/prostitusjon
  - Utsetter andre for vald eller overgrep
- **Tap av ferdigheiter**
  - Reduserte psykomotoriske prestasjonar
  - Går tilbake i utvikling (regresjon)
  - Problem med konsentrasjon og hukommelse
  - Viser mindre sjølvstende
  - Ufrivillig vannlating og avføring



### 9.2.1 Aldersrelaterte symptom ved seksuelle overgrep

Symptom som er nemnt under dei ulike aldersgruppene er ikkje uvanlige og kan skyldast andre belastningar enn overgrep.

Teikn skildra under ein viss aldersgruppe kan også vere aktuell for yngre/eldre aldersgrupper.

#### 9.2.1.1 Små barn 0–2 år

I denne aldersgruppa kan det vere spesielt vanskeleg å finne ut om symptomata skuldast seksuelle overgrep eller har andre årsakar.

- Angst under stell og bleieskift
- Generelt engstelige, klamrende, sutrande og sinte
- Forstyrra søvnmønster
- Generelle teikn på misstrivsel
- Skriketokter og/eller panikkanfall

#### 9.2.1.2 Barn 3-5 år

- Fortelle med ord at dei er utsatt for overgrep
- Gi uttrykk for at det er noko dei ikkje tørr, kan eller vil snakke om
- Smerter i magen og/eller hovudet
- Smerter og sårheit i underlivet (ikkje alltid ytre teikn)
- Problem med tissing/avføring etter at dei har slutta med bleie
- Hyppige mareritt der dei kan bli paniske og utilgjengelige for trøst
- Fjerne og stirrande i periodar
- Fortviling
- Problem med tannpuss
- Problem med å ete (spesielt barn som blir misbrukt oralt). Dette kan dreie seg om generelle spisevegring eller ulyst i forhold til spesielle typar mat som kan minne om sæd eller penis.
- Uvanlig seksuell åtferd i forhold til alder og modning (seksualisert åtferd)


#### 9.2.1.3 Barn 6-12 år

- Gi uttrykk for at dei ikkje har lyst til å leve, at dei har vanskelege liv eller truge med å ta livet sitt
- Sterk skam- og skyldfølelse
- Isolere seg frå andre barn
- Bli mimikkfattige, inneslutta og triste
- Aggressivitet og/eller hyperaktivitet
- Lærevanskar (frå milde konsentrasjonsvanskar, språkvanskar, til å virke psykisk utviklingshemma utan å vere det)
- Høyrrer stemmer, har lange perioder med fjernheit
- Problem knytt til hygiene, eksempelvis ved å nekte å dusje, ignorere personleg hygiene eller ved å vere tvangsmessig opptatt av å vere rein
- Forvirring rundt eigen kjønnsrolle, eksempelvis kan enkelte jenter som blir misbrukt prøve å bli som gutar, medan andre vil prøve å vere hyperfeminine, ofte på ein overdriven måte
- Uvanlig seksuell åtferd i forhold til alder og modning (seksualisert åtferd)

#### 9.2.1.4 Pubertet og ungdomsår

- Tidlig seksuell debut, prostitusjon/promiskuøs åtferd og rusmisbruk
- Synkande skuleprestasjonar
- Jenter vil kunne kle og oppføre seg utfordrande
- Innblanding i kriminelle aktiviteter
- Sjølvmondsfare meir uttalt
- Sjølvskading
- Forgriper seg seksuelt på jamnaldrande eller yngre barn
- Utviklar ulike former for spiseforstyrrelsar, herunder også overvekt
- Meir uttalte dissosiasjonssymptom
- Angst- og tvangslidingar, depresjonar og psykose
- Jenter med minoritetsbakgrunn som omtaler seg som «forlova» kan ha inngått ekteskap

[Seksuellatferd.no](https://www.seksuellatferd.no) er ei ressurside om normal seksuell utvikling, og handtering av bekymringsfull og skadelig seksuell åtferd, utvikla av RVTS. Nettsida er for alle som i sitt arbeid kjem i kontakt med barn og unge med bekymringsfull eller skadeleg seksuell åtferd.



## 10.0 VÅG Å SPØRJE

Mange synes der er vanskeleg å spørje dersom ein har ein mistanke om vald i nær relasjon. Det å bli spurt kan opplevast som å bli sett og kan vere heilt avgjerande for at som er utsatt skal våge å fortelje.

Prøv å få til ein dialog med den du er bekymra for.

### 10.1 Ta opp bekymringa di med den det gjeld

Samtalen kan vere:

- Spontan – rundt det som skjer eller det personen fortel.
- Støttande – når det ser at ein person har det vanskeleg.
- Planlagt og undersøkjande – dersom du er bekymra for ein person og ønsker å finne ut korleis han eller ho har det.

Du kan bruke handlingkorta som rettleiande.

Ein utsatt kan syns det er vanskeleg å fortelje. Du må vise at du ser og høyrer personen, samtidig som du gir personen ein kjensle av tryggleik og omsorg. Gi uttrykk for at du er bekymra og at du tek vedkomande på alvor.

Slike samtalar kan utløyse meldingar til politiet. Du skal ikkje gå i detaljar eller etterforske saken.

Dokumenter samtalen. Viktig at ein nyttar tolk der det er behov for det!

Du trenger ikkje å få stadfesta at di bekymring er riktig, men bli sikker nok til at du kan spørje om det er greitt at du melder det vidare.

**Har du grunn til å tru at eit barn blir utsatt for vald eller overgrep, har du meldeplikt til barnevernet. Føresette skal ikkje varslast!**

Dersom personen (vaksen) ikkje ynskjer at du skal melde forholdet vidare til politiet, må du vurdere om meldeplikta og/eller avvergeplikta er utløyst.

**Du kan alltid ringe Krisesenter for Sunnmøre for råd og rettleiing.**

#### 10.1.1 Kva spørsmål kan eg stille?

Still opne inviterande spørsmål. Du skal ikkje mase for å få svar. Under kan du sjå eksempel på nokon spørsmål.

- **Gode, opne og inviterande spørsmål**
  - Lytt, ver stille og nikk «Javel.....» og vis at du er interessert i å høyre meir.
  - «Ok, fortell meg meir om det at....»
  - «Så det gjer ho/han mot deg? Det vil eg gjerne vite meir om.»
  - «Fortell meg slik at eg forstår kva som skjedde.»
- **Nøkkelord, gjentaking og spegling**
  - «Du fortel at han gjer ting med tissen din. Fortel meg kva han gjer.»
  - «Kari blir sint, seier du. Kva skjer då?»
  - «Eg ser at du grin no. Fortel meg kva som gjer at du grin.»

- **Fokuserte spørsmål** (kan vere naudsynt)
  - «Kvar var du då det du fortalte meg, skjedde?»
  - «Kven var det som gjorde det mot deg?»
  - «Korleis var det for deg då det skjedde?»

### 10.1.2 Kva spørsmål skal eg ikkje stille?

Det er spørsmål vi skal unngå å stille eller ikkje stille i det heile tatt. Dette kan vere spørsmål som leiår personen til det svaret du forventar å få.

- **Unngå å stille alternativgjevande spørsmål**
  - «Har nokon slått deg?» (ja/nei)
  - «Kven har gjort det, Per eller Kari?»

Nokon kan fort svare bekreftande på det siste alternativet dei blir presentert for, utan at det nødvendigvis er det som har skjedd.

- **Unngå projiserande spørsmål**
  - «Det må ha vore forferdeleg vondt for deg?»

Det er viktig å ikkje overfør egne kjensler og førestillingar om det som har skjedd på den utsette.

- **Ikkje still leiande spørsmål**
  - «Han tek deg i skrittet, sant?»
  - «Eg trur at mamma slår deg, eg!»



## 11.0 KUNNSKAP TIL Å HANDLE

Prosedyrar for handtering av saker som omhandlar vald i nære relasjonar:

**Ved akutte og livstrugande situasjonar, ring politiet 112 / ambulanse 113!**

### 11.1 Kva skal eg som offentleg tilsett gjer?

#### 11.1.1 Ved bekymring for barn og unge

Alle tilsette i kommunane på Sunnmøre er **personleg** ansvarleg for å melde frå til politiet og/eller barnevern ved mistanke/bekymring om at eit barn eller en ungdom er utsatt for vald eller seksuelle overgrep.

Informert leiar om bekymringa di og legg ein plan saman for vidare handtering.

Kontakt for råd og rettleiing:

- Barneverntenesta i di kommune: Finn nummer [her](#).
- Barnevernvakta: 91 57 20 60
- Politi: 02800
- Statens barnehus: 70 11 88 50
- Kompetanseteamet mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse: 47 80 90 50

**Ved mistanke om vald/seksuelle overgrep skal føresette ikkje informerast om melding til barnevernet!**

Det er barnevern/politi som vurderer om og når omsorgspersonar skal bli informert.

Det er viktig å ivareta barnet sin tryggleik. Ved å informere foreldre om mistanke kan vi risikere å utløyse ny eller alvorligare vald mot barnet, og vi kan risikere at barnet blir instruert til å ikkje fortelle noko til hjelpeapparatet.

#### 11.1.2 Ved bekymring for vaksne og eldre

Har du mistanke om eller er bekymra for at ein vaksen/eldre utsetjast for vald og/eller overgrep?

Vurder om du har avverjeplikt! Informer leiar om bekymringa di og legg ein plan saman for vidare handtering.

Ta opp bekymringa di med den det gjeld.

Vurder om personen treng å bli kjørt til legevakt, fastlege eller krisesenter. Dersom det ikkje er aktuelt å ta ansvar for vidare oppfølging sjølv, forsøk å etablere kontakt med anna hjelpeapparat.

**Husk! Dersom den som er utsatt for vald har mindreårige barn, har du meldeplikt til barnevernet. Å vere vitne til vald, er også vald!**

Kontakt for råd og rettleiing:

- Politi: 02800
- Krisesenter for Sunnmøre: 70 16 33 33
- Vern for eldre: 800 30 196
- Barneverntenesta i di kommune: Finn nummer [her](#).

## 11.2 Kva skal eg som privatperson gjere?

### 11.2.1 Til deg som er vaksen

Har du mistanke om at nokon utsetjast for vald eller seksuelle overgrep, eller er vitne til dette?

Ta bekymringa på alvor.

Vurder om du har avvergeplikt!

Ta opp bekymringa di med den det gjeld. Du kan rådføre deg med fagfolk:

- Barnevernet i di kommune: [barnevernvakten.no](http://barnevernvakten.no) eller tlf 116 111.
- Barnevernsvakta (kveld, natt): 91 57 60 20
- Politi: 02800
- Krisesenter for Sunnmøre: 70 16 33 33

Nettside vi anbefala: [dinutvei.no](http://dinutvei.no)

Som privatperson er du ikkje bunden av same regelverk som ein offentlig tilsett. Men avvergeplikta er lik for alle!

### 11.2.2 Til deg som er barn/ungdom:

Har du mistanke om at ein ven eller medelev blir utsatt for vald eller seksuelle overgrep, eller er vitne til dette?

Ta bekymringa på alvor!

Ta kontakt med ein vaksen du stolar på, for eksempel lærar eller helsesjukepleiar, eller kontakt:

- Alarmtelefonen for barn og unge: 116 111 (har også chat-teneste)
- Politi: 02800

Her kan du ringe eller «chatte» og få råd. Du trenger ikkje sei kven du er.

Nettside vi anbefaler: [ung.no/vold](http://ung.no/vold)

### 11.3 Til deg som er utsatt for vald eller overgrep

Er du utsatt for vald eller overgrep?

**Det er aldri din feil! - Det er aldri for seint! - Det er alltid hjelp å få!**

- Ved akutte og livstrugande situasjonar, ring politiet på 112 eller ambulanse på 113. Politiet kan også gi råd og rettleiing.
- Eit krisesenter kan gi deg/dykk ein trygg opphaldsstad, råd, rettleiing og kan tilvise vidare ved behov. Du kan også få hjelp på krisesenteret sjølv om du ikkje bur der.
- Gjelder det barn, kontakt barnevernet i kommunen eller Alarmtelefonen for barn og unge, telefon: 116 111
- Fastlege, overgrepsmottak eller helsestasjon kan gi medisinsk hjelp, råd, rettleie og eventuelt tilvise vidare ved behov. Lege og overgrepsmottak kan også sikre spor.
- Familievernkontora gir hjelp og råd til par og familiar som opplever vanskar, konflikt eller kriser og arbeider blant anna med sinne- og valdsproblematikk.
- VO-linjen 116 006 – Vald- og overgrepslinja er ei hjelpelinje for alle som opplever vald eller overgrep i nære relasjonar.



## 12.0 FORMELLE BESTEMMELSAR

Alle offentleg tilsette har teieplikt, meldeplikt og avverjeplikt. Som ei førstehjelp har RVTS har laga desse [informasjonsbrosjyrane](#).

### 12.1 Teieplikt

Alle som utfører ei teneste eller eit arbeid i eit forvaltningsorgan, har teieplikt etter forvaltningslova.

Teieplikta er ei plikt til å ikkje dele fortrulege opplysningar. Teieplikt inneberer både:

- Ei passiv plikt til å tie
- Ei aktiv plikt til å hindre at uvedkomande får tilgang til teiebelagt informasjon

I nokon tilfelle må du fråvike teieplikta. I andre tilfelle har du rett, men ikkje plikt til å fråvike teieplikta. Då vil anten opplysningsplikt, meldeplikt, avverjeplikt, teierett eller opplysningsrett vere gjeldande.

### 12.2 Opplysningsplikt

Opplysningsplikta går ut på at du har ei lovfesta plikt til å gi opplysningar til bestemte etatar eller tenester.

Du har for eksempel som barnehagetilsett opplysningsplikt dersom barnevernet ber om opplysningar i ei sak der dei har mistanke om omsorgssvikt, fysisk mishandling, seksuelle overgrep m.m.

### 12.3 Meldeplikt

Ved meldeplikt gjeld det same som ved opplysningsplikt, med den forskjell at det er DU som må ta initiativ og melde frå dersom du har mistanke om omsorgssvikt eller overgrep.

### 12.4 Avverjeplikt

Alle har, ifølge straffelova, plikt til å avverje, det vil seie forhindre, at alvorlege straffbare handlingar skjer. Avverjeplikta gjeld kun når det faktisk er mogleg å avverje den straffbare handlinga.

Enkelte former for vald eller overgrep er så alvorlige at du har ei lovpålagt plikt til å søke å avverje at det skjer. Plikta er skildra i straffelovens § 196 og blir utløyst idet du får kunnskap om at handlinga vil skje, eller trur at det er mest sannsynlig at handlinga vil skje. Det finst også ei meir spesiell form for avverjeplikt som omhandlar mistanke om snarleg kjønnslemlesting av jenter og kvinner, jf. Straffelova § 284.

På [plikt.no](#) finner du oversikt over kva valds- og seksuallovbrot du kan ha plikt til å avverge, og hjelp til å vurdere om du kan ha avverjeplikt.

**Det er viktig å huske at avverjeplikta går føre lovpålagt teieplikt, og gjeld alle til ei kvar tid – både på jobb og på fritida.**



## 12.5 Opplysningsrett og teierett

Opplysningsrett og teierett er muligheita for å formidle eller unnlata å formidle opplysningar til andre. Eksempelvis vil du bruke din opplysningsrett når du har samtykke frå ein myndig voksen eller føresatt til å vidareformidle noko om eit barn sin situasjon. Men fordi dette er ein rett og ikkje ei plikt, kan du i slike tilfelle velje om du vil gi informasjon eller ikkje.

Dersom det er naudsynt for å ivareta skulen eller barnehagen sine oppgåver og ansvar, kan det unntaksvis også gis opplysningar vidare til samarbeidande offentlege instansar. Eit eksempel er å rådføre seg med barnevernet i saker den ein ikkje er sikker på om det er tilstrekkeleg grunnlag for bekymringsmelding, jf. Forvaltningslova § 13b. nr. 5.

---

## 13.0 SMÅ SAMFUNN

Vald i nær relasjon kan ramme alle. I mindre distriktssamfunn kan det vere ekstra vanskeleg å våge sjå og våge å spørje. I små samfunn er det lett å tru at ein kjenner heile livet og alt som skjer innanfor veggane til naboen. Vi kan bagatellisere eller forstå oss ihel i mange situasjonar.

Det er avgjerande at vi maktar å ta inn over oss at sjølv dei verste og mest groteske sakene med omsorgsvikt, barnemishandling, seksuelle overgrep, kontroll og trakassering som førekjem andre stadar, også førekjem hjå oss. Vi må våge å sjå, våge å spørje og ha kunnskap til å handle.

I små samfunn kan dobbeltroller gjere det ekstra utfordrande å våge å sjå. Både det private og det profesjonelle livet kan bli påverka. Verktøy og rutinar kan vere gode å støtte seg til.

Vi har ikkje utarbeida eigne verkty for korleis ein skal forhalde seg til vald i nær relasjon i små samfunn. Auka bevisstheit rundt problemstillinga og refleksjon rundt temaet er det viktig at kommunane har fokus på, både for at dei som treng det skal få hjelp og at dei tilsette får hjelp til å stå i vanskelege situasjonar.

---

## 14.0 VALD I EIT SAMFUNNSØKONOMISIK PERSPEKTIV

Konsekvensane av vald i nære relasjonar kan vere gjennomgripande både for den valdsutsette og for dei pårørande. Konsekvensar av vald omfattar alvorlege fysiske skader, psykiske og somatiske helseplager og sjukdom, åtferdsforstyrrelsar, utviklingsavvik og i verste fall død.

Valden har store samfunnsøkonomiske konsekvensar i tillegg til den umiddelbare skada den forårsakar for den enkelte. Mengd personar som blir utsett for vald i nære relasjonar, er av eit slikt omfang at det er definert som eit samfunnsproblem i Norge. Dei samfunnsøkonomiske kostnadane var i 2010 rekna til 4–6 milliardar kroner årleg. Ein antek ein vekst i verdien av kostnadane med 1–3 % årleg, dersom valdsnivået ikkje blir redusert. Dette vil seie 6 – 8 milliardar i 2020, avhengig av befolkningsvekst og velferdsutvikling (Samfunnsøkonomiske kostnadar av vald i nære relasjonar, Vista analyse 2012).

Ved å førebyggje og nedkjempe vald sørger vi ikkje berre for å auke livskvaliteten til innbyggjarane på Sunnmøre, men det vil også kunne føre til betydeleg reduserte samfunnskostnader.

## 15.0 OVERSIKT OVER KOMMUNALE TENESTER

Kommunane skal legge til rette for at tenestene blir i stand til å førebygge, avdekkje og avverje vald og overgrep. Dei kommunale hjelpetenestene har lovpålagt plikt til å gi valdsutsett, valdsutøvar og andre råka eit tilrettelagt og heilskapleg hjelpetilbod.

For å klare å identifisere behov og etablere eit heilskapeleg tenestetilbod i for den enkelte er det viktig at tenestene etablerar gode samhandlingsstrukturar og rutinar for informasjonsutveksling. Vidare må dei ulike tenestene ha tilstrekkeleg kunnskap om andre sektorar sitt ansvar og oppgåver.

### 15.1 Barneverntenesta

Barneverntenesta si hovudoppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, jfr Barnevernlova § 1-1. Det er foreldre eller andre primære omsorgspersonar som har hovudansvaret for barnet sin oppvekst og omsorg. Barneverntenesta skal gripe inn når eit barn ikkje blir godt nok ivaretatt. Barneverntenesta har eit sentralt ansvar for barn som utsetjast for vald i familien og er heilt avhengig av at offentlege og private melder i frå dersom dei er bekymra.

Barneverntenesta har rett og plikt til å undersøke barnet sin omsorgssituasjon når det er rimelig grunn til å anta at det føreligg forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter barnevernslova § 4-3. Dersom undersøkinga avdekkjer at barnet sin omsorgssituasjon ikkje er god nok, kan det iverksetjast tiltak for å betre den. Det skal leggast avgjerande vekt på å finne tiltak som er til det enkelte barnet sitt beste, jf. bvl § 4-1. Tiltaka skal ikkje vere meir inngripande enn naudsynt, og skal i størst mulig grad vere frivillig. I tilfelle der barnet ikkje kan giast tilstrekkeleg hjelp og beskyttelse ved frivillige tiltak, kan det iverksetjast tiltak utan samtykke. Dersom eit barn blir mishandla eller utsatt for andre alvorlege overgrep i familien, kan det vere naudsynt å fråta dei primære omsorgspersonane omsorga for barnet.

I forbindelse med ei undersøking vil det ofte vere naudsynt å innhente opplysningar frå andre instansar og tenester som kjenner barnet og familien. Andre offentlege myndigheiter har plikt til av eige tiltak, eller på førespurnad, å gi opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller utsatt for andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. bvl § 6-4. Andre instansar og tenester si plikt til å gi opplysningar til barneverntenesta, og barneverntenesta sin adgang til å foreta naudsynte undersøkingar, gir barneverntenesta ei spesiell rolle og særleg moglegheit til å avdekke om eit barn er utsatt for vald i familien.

Barneverntenesta kan vidare iverksette naudsynte tiltak for å beskytte barnet mot ytterligare overgrep, sikre at barnet får den behandling av skadar og traume det eventuelt har behov for og sørge for at barnet får støtte i dagliglivet.

I saker der barn utsetjast for vald i familien, er det eit stort behov for samarbeid mellom ulike instansar og tenester, blant anna for å koordinere og samordne oppgåvene.

Barneverntenesta skal innan tre veker gi den som sendte meldinga tilbakemelding om at meldinga er mottatt og opplyse om det er opna undersøking. Dersom det er opna undersøking skal barneverntenesta gi beskjed om at undersøkinga er gjennomført, seinast tre veker etter gjennomført undersøking. Det skal også informerast om saken er henlagt eller om

saka følgast opp vidare. Når barneverntenesta skal iverksetje eller har iverksett tiltak som er naudsynt at meldar får kjennskap til, av omsyn til vidare oppfølging av barnet, kan barneverntenesta gi meldar tilbakemelding om tiltaka, jf. bvl. § 6-7 a.

## 15.2 Barnevernvakt

Kommunane på Sunnmøre samarbeider om felles barnevernvakt. Barnevernvakta er ein del av akuttberedskapen og er ei døgnåpa teneste.

Tlf 91 57 60 20 / 116 111.

## 15.3 Barnehage

Gjennom den daglege og nære kontakta med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og motta informasjon om barna sin omsorg- og livssituasjon. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsatt for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og vite korleis dette kan førebyggast og oppdagast. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehageloven § 22.

## 15.4 Fastlege

Alle innbyggjarar som i folkeregisteret er registrert som busett i ei norsk kommune, har rett til ein fastlege.

Ein kan snakke med fastlegen om vald. Fastlegen har ansvar for heilskaper ved utgreiing, behandling og oppfølging av ein pasient. Fastlegen har ofte god oversikt over den enkelte sin helse og livssituasjon, kan vere ein god samtalepartner og har erfaring med å møte mennesker som har det vanskeleg.

Fastlegen kan også tilvise til spesialisthelsetenesta ved behov, eller orientere om andre stadar ein kan få hjelp, og som ikkje krev tilvising - som krisesenter, familievern eller andre.

## 15.5 Helsestasjons- og skulehelseteneste

Helsestasjons- og skulehelsetenesta er ei lovpålagt teneste til alle barn og unge frå 0-20 år, samt ei teneste for gravide som ynskjer svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjonen. Helsestasjonen er ein del av kommunehelsetenesta som utøver planmessig helsefremjande og førebyggande helsearbeid retta mot barn og unge. Dette omhandlar både psykisk og fysisk helse i tillegg til sosiale forhold og oppfølging av foreldre med behov for utvida støtte.

Helsestasjonen og skulehelsetenesta har jamnleg kontakt med alle barn og føresette i kommunen på ulike alderstrinn, og er såleis ein sentral arena for å kunne førebyggje, avdekkje og avverje vald i nære relasjonar.

Som ledd i svangerskapsomsorga blir helsepersonell oppfordra til å stille alle gravide spørsmål om vald, både noverande og tidlegare erfaringar.

## 15.6 Helse- og omsorgstenesta

Kommunen skal sørge for at personer som oppheld seg i kommunen, får tilbud om naudsynte helse- og omsorgstenester.

Kommunens ansvar omfattar alle pasient- og brukargrupper, herunder personar med somatisk eller psykisk sjukdom, skade eller lidning, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.

### Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-3 a.

Kommunens ansvar for å forebygge, avdekke og avverge vold og seksuelle overgrep.

Kommunen skal ha særleg oppmerksomhet rettet mot at pasienter og brukere kan være utsatt for, eller kan stå i fare for å bli utsatt for, vold eller seksuelle overgrep. Kommunen skal legge til rette for at helse- og omsorgstjenesten blir i stand til å forebygge, avdekke og avverge vold

## 15.7 Krisesenter for Sunnmøre

1.januar 2010 trådte Lov om kommunale krisesentertilbud (krisesenterlova) i kraft. Lova pålegg alle kommunar å vere tilknytt eit krisesentertilbud. Kommunane skal sørge for eit godt og heilskapeleg tilbud til kvinner, menn og barn som er utsett for vald eller trugslar om vald i nære relasjonar.

Krisesenter for Sunnmøre er eit interkommunalt tilbud som gir eit tilbud til innbyggjarane i Ålesund, Ørsta, Volda. Herøy, Sande, Ulstein, Hareid, Sula, Giske, Fjord, Vanylven, Stranda og Sykkylven.

Krisesenteret har ei spesiell oppgåve med å ivareta valdsutsette si tryggleik og sikkerheit i ein spesielt sårbar og vanskeleg livssituasjon.

Krisesenteret er i første rekke eit bu- og rettleiingsstilbud, men har også ei viktig oppgåve med å formidle og koordinere bistand frå andre delar av hjelpeapparatet. Både valdsutsette og hjelpeapparatet kan nytte krisesenteret sitt rettleiingsstilbud.

Personer som oppsøker krisesenter i forbinding med at dei har vore utsett for vald i nære relasjonar blir gitt, etter avtale, muligheit for juridisk bistand.

Krisesenteret er døgnope, tenesta er gratis og ingen tilvising er naudsynt. Krisesenteret for Sunnmøre har to avdelingar.

Avdeling for kvinner og barn: Tlf 70 16 33 33 / 94 53 99 45

Avdeling for menn og barn: Tlf 90 70 74 33

Fagleg rettleiar for innhald i krisesentertilbudet finn du [her](#).

<https://www.krisesenter-sunnmore.no/>



Krisesenter for  
**SUNNMØRE**

## 15.8 Legevakt

Alle kommunar i Norge har ei legevaktordning for augeblikkeleg helsehjelp heile døgnet. Når du ringer 116 117, kjem du i kontakt med legevaktsentralen i området der du oppheld deg. Alt av legevaktpersonell skal ha kurs i valds- og overgrepshandtering. Frist for gjennomføring av kurs er 01.05.2021.



## 15.9 NAV

NAV er ein del av eit heilskapleg og individuelt tilpassa hjelpetilbod.

NAV kan i stor grad bidra med rettleiing til dei som er utsett for vald i nær relasjonar. Dei kan informere om rettar som den enkelte har, vise til andre instansar i hjelpeapparatet, bidra til økonomisk hjelp, samt bistå i høve bustad. NAV har plikt til å vere merksam på om barna til dei vaksne dei er i kontakt med kan vere utsatt for omsorgssvikt eller mishandling.

Tlf: 55 55 33 33

## 15.10 Overgrepsmottaket

Overgrepsmottaket er eit akutttilbod for ungdom og vaksne, kvinner og menn, som nyleg har blitt utsett for valdtekt, valdtektforsøk eller liknande seksuell krenking, eller som er blitt utsett for vald av personar i nære relasjonar.

Dersom ein har behov for å kontakte Overgrepsmottaket kan ein ringe legevakt 116117. Dei vil sette deg i kontakt med Overgrepsmottaket i Ålesund.

Tilbodet er gratis og er uavhengig av politimelding. Dei som arbeider på overgrepsmottaket har teieplikt.

Overgrepsmottaket tilbyr:

- Samtale i trygge omgjevnader
- Medisinsk undersøking med tanke på skadar, smitte og graviditet
- Rettsmedisinsk undersøking for sikring av bevis
- Hjelp til å kontakte politi
- Hjelp sjølv om overgrepet har skjedd tilbake i tid
- Hjelp til å kontakte bistandsadvokat (gratis), uavhengig av politimelding
- Formidlar kontakt til andre hjelpeinstansar

Ein vel sjølv om ein vil motta heile eller berre delar av tilbodet, og ein kan ta med seg nokon om ein vil.

Ved undersøking kort etter overgrepet samlar overgrepsmottaket bevis som kan brukast i ein eventuell retts sak. Overgrepsmottaket utleverer ingen bevis eller opplysningar utan at pasient har gitt skriftleg aksept til dette.

Overgrepsmottaket blir drive i samarbeid med Helse Møre og Romsdal og kommunane Ålesund, Giske, Sula, Fjord, Sykkylven, Stranda, Vestnes, Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Hareid og Ulstein.

### 15.11 Skulen

Skulen regulerast primært av opplæringslova og har ei viktig førebyggjande rolle overfor barn og unge. I fagfornyinga sin overordna del har folkehelse og livsmestring kome inn som tverrfagleg tema. Samtale om grenser knytt til kropp, kva vald og seksuelle overgrep er, og kvar ein kan få hjelp dersom ein blir utsett for vald og seksuelle overgrep er eit av kompetansemåla. Skulen er i kontakt med alle barn og unge, og har ei unik muligheit oppdage barn som er utsatt for vald og overgrep frå sine nærmaste. Personalet i skulen skal i sitt arbeid vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta. Dei skal utan hinder av teieplikta, eget initiativ, sende bekymringsmelding til barnevernet når det er grunn til å tru at et barn blir utsatt for vald eller overgrep.

### 15.12 Tannhelsetenesta

Den offentlege tannhelsetenesta gir tilbod om tannhelsetenester til:

- Barn og unge frå 0-18 år
- Psykisk utviklingshemma over 18 år
- Eldre, uføre og kronisk sjuke med opphald i institusjon
- Personar som mottar heimesjukepleie
- Ungdom som fyller 19 og 20 år i behandlingåret betaler 25%
- Andre prioriterte grupper

Tannhelsetenesta skal i følge tannhelsetenestelova drive oppsøkande verksemd, førebygging og behandling retta mot alle barn og unge frå 0-18 år. Tannhelsetenesta kallar inn regelmessig alle barn frå 3 til 18 år, og har i samband med tannbehandling høve til å avdekkje omsorgssvikt, vald og overgrep.

Dei gir også tilbod om undersøking og tannbehandling for fengselsinnsette og personar i kommunal og statlig rusomsorg. Klinikane gir også tilbod til vaksne betalande pasientar.

Den offentlege tannhelsetenesta har utarbeidd ei samarbeidsavtale med barnevernet.

## 16.0 VIKTIGE SAMARBEIDSAKTØRAR OG NASJONALE TENESTER

Oversikta er alfabetisk.

### 16.1 Alarmtelefonen for barn og unge – 116 111

Alarmtelefonen er eit tillegg til eksisterande akuttberedskap for barn og unge. Det er Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) som finansierer Alarmtelefonen for barn og unge.

Det er fleire store barnevernsvakter i Norge. Dei er dei som svarer i opningstida deira. Alle andre oppringingar kjem direkte til alarmtelefonen i Kristiansand. Alarmtelefonen er open når barneverntenesta har stengt frå kl 1500 – 0800. I helg og på heilagdagar er Alarmtelefonen døgnopen.



Det er mange gode grunnar til å etablere ein naudtelefon for barn og unge, der viktigast er:

- Alle barn og unge skal ha eit nummer dei kan ringe når dei opplever vald i heime eller andre akutte og vanskelege situasjonar.
- Nødtelefonen er gratis.
- Alle telefonar blir svara på av vaksne som har lang erfaring i å hjelpe barn og unge.
- Også vaksne som er bekymra for barn og unge – eller har mistanke om at dei blir utsatt for vald kan ringe Alarmtelefonen 116 111.

### 16.2 Alternativ til vold (ATV)

Stiftelsen Alternativ til Vold er eit behandlings- og kompetansesenter på vald, med særleg fokus på vald i nære relasjonar. ATV har 14 kontor i Norge. ATV har tre virksomheitsområder:

- Behandlingstilbod som rettar seg til både utøvarar av vald og utsette for vald i nære relasjonar. Tilbodet gis til både vaksne og barn.
- Kunnskapsutvikling (forskning og klinikkbaserte metodeutviklingsprosjekt)
- Kunnskapsformidling/utadretta verksemd

Tlf: 22 40 11 10

### 16.3 Medisinsk naudtelefon - 113

Ring medisinsk naudtelefon 113 når du trur det er akutt og kan stå om liv og helse. Når du ringer 113 er det spesialtrene helsepersonell som svarer. Dei vil bedømme grad av alvor og kva helseressursar som skal sendast, f.eks. lege, ambulanse eller luftambulanse.

### 16.4 Barneombudet

Barneombudet jobbar for barn sine rettar. Barneombudet skal fremje barn sine interesser i samfunnet og følgje med på utviklinga av barn sine oppvekstkår. Dei skal spesielt følgje med på at barn sine interesser blir ivaretatt i lovgivinga og at Norge overheld FN sin barnekonvensjon.

## 16.5 Dinutvei.no – Nasjonal veiviser ved vald og overgrep

Nettportalen [dinutvei.no](http://dinutvei.no) gir informasjon til utsette for vald, overgrep og valdtekt, pårørende og bekymra, dei som utøver vald og til fagpersonar. Dinutvei.no gir oversikt over hjelpetilbod over hele landet. Her finner du også fagstoff og ei spørsmål- og svarteneste der du kan stille spørsmål anonymt og få svar. Informasjonen er tilgjengeleg på 13 språk.

## 16.6 Familievernet

Familievernet er eit statleg tilbod som gir gratis hjelp og råd til par, familiar og foreldre/barn som opplever vansker, konflikter og kriser. Familievernet arbeider med sinne- og valdsproblematikk. Familievernkontoret i Ålesund dekker Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Ørsta, Volda, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven og Ålesund.

Tlf: 466 17 390

## 16.7 Hjelpetelefonen for seksuelt misbrukte

Hjelpetelefonen for seksuelt misbrukte er ein gratis døgnopen telefon. Hjelper seksuelt misbrukte personar, incestutsette og deira pårørende.

Tlf: 800 57 000



**Hjelpetelefonen**  
for seksuelt misbrukte

## 16.8 Konfliktrådet

Konfliktrådet er ei statlig teneste som bistår for å løyse konflikt – anten mellom private partar eller mellom fornerma og gjerningsperson der ein kriminell handling har funnet stad. Føremålet er at partane gjennom dialog kan finne fram til løysingar, anten det gjelder å gjere opp for konkrete lovbrøt – eller gjenopprette mellommenneskelige relasjonar. Konfliktrådet er et tilbod til alle, uavhengig av alder og er ein gratis teneste.

Konfliktrådet på Sunnmøre, tlf : 70 30 06 10

## 16.9 Kompetanseteamet mot tvangsekteskap og kjønnslemlestelse

Kompetanseteamet er eit nasjonalt tverrfaglig gir råd og rettleiing til tilsette i førstelinjetenesta i konkrete saker som omhandlar tvangsekteskap, kjønnslemlesting eller andre former for æresrelatert vald og kontroll. Kompetanseteamet administrerer butilbod for unge utsatt for æresrelatert vald.

Tlf: 47 80 90 50

## 16.10 Norske kvinners sanitetsforeining

Sanitetskvinnene er Norges største kvinneorganisasjon med 42.000 medlemmer fordelt på 620 lokalforeiningar. Sanitetskvinnene fremjar kvinnehelse og livsvilkår, bidreg til ein inkluderande oppvekst og skaper trygge lokalsamfunn. Dette gjer dei gjennom frivilligheit, forskning, politisk påverknad og ideell verksemd. I 2012 tok dei initiativ til å setje vald mot kvinner høgt på den politiske agenda gjennom Rød knapp- alliansen.





### 16.11 Politiet

Politiet sin innsats er heilt avgjerande for å lykkast i arbeidet for å førebygge og bekjempe vald i nære relasjonar. Politiet si oppgåve er å førebygge, beskytte, etterforske og iretteføre saker som omhandlar vald i nære relasjonar.

Politiet sitt arbeid, slik som skildra over, vil i seg sjølv ha ei førebyggjande effekt. Politiet har tatt i bruk et risikovurderingsverktøy Spousal Assault Risk Assessment - SARA. Verktøyet er eit reint førebyggjande tiltak som har som mål å identifisere høgrisiko-sakene, og igangsette tiltak.

Politiet kan bidra med beskyttelsestiltak for valdsutsette: Mobil valdsalarm, besøksforbod, kontaktforbod ved dom, omvendt valdsalarm ved dom, adressesperre kode 6 og 7, samt bistå ved relokalisering.

Politiet har moglegheit til å fremje saker ved offentlig påtale. Dette betyr at saker som politiet arbeider med, kan blir etterforska uavhengig av anmeldelse frå den fornærma part.

Tlf: 02800

**Ved akutte eller livstugande situasjonar ring 112!**



**POLITIET**

### 16.12 Redd Barna

Redd barna arbeider for å bekjempe vald og seksuelle overgrep mot barn. Dei arrangerer blant anna årleg kampanjeveke for:

- å auke kunnskapen i befolkning om vald og overgrep mot barn
- auke kunnskapen i skule og barnehage om førebygging og avdekking av vald og overgrep.

Redd Barna har utvikla:

- Filmar og undervisningsopplegg
- Ei verktøykasse – der du får råd om korleis du kan gå fram for å bekjempe vald og seksuelle overgrep på alle arenaer barn er.

### 16.13 RVTS

RVTS er eit tilbod for alle som i sitt arbeid møter menneske berørt av vald og seksuelle overgrep, traumatisk stress, tvungen migrasjon eller sjølvmondsproblematikk.

RVTS Midt er regionalt ressurscenter for Midt-Norge. Fokus er fagområda sjølvmondsførebygging, flyktning- og migrasjonshelse, vald og seksuelle overgrep. Senteret består av personer med ulik fag- og yrkesbakgrunn. Dei jobbar tverrfagleg, og bistår ulike etatar i regionen med kompetanseheving.

Samarbeidspartnarar er helse- og sosialtenestene i kommunane, spesialisthelsetenesta, offentlege, private og frivillige organisasjonar som tilbyr hjelp til valds- og kriseramma. RVTS bidreg til kompetanseutvikling gjennom forskning og fagutvikling. Dei tilbyr rettleiing, konsultasjon, undervisning, kurs og konferansar og har som mål å vere lett tilgjengelig.

RVTS - Midt: 72 82 20 05



### 16.14 Statens barnehus

Statens Barnehus i Ålesund er ein del av Møre og Romsdal politidistrikt. Barnehuset er eit tverrfagleg kompetansehus med tilbod til barn og unge ved mistanke om at dei kan ha vore utsett for, eller vore vitne til, vald eller seksuelle overgrep. Målgruppa omfatta også vaksne med utviklingshemming og ungdom under 18 år som kan ha vorte utsatt for tvangsekteskap.

Politiet kan som del av ei etterforsking gjennomfør tilrettelagt avhør av barn på barnehuset. Målet er å styrke barn si rettsikkerheit og sørge for god ivaretaking av barn og familie.

Statens Barnehus gir også råd og rettleiing til privatpersonar og offentlege instansar i anonyme saker som er uavklarte.

Tlf: 70 11 88 50

### 16.15 Stine Sofies Stiftelse / Stine Sofie Senteret

Formålet til Stine Sofies Stiftelse er å endre samfunnet gjennom å vere modig, kompromissløs og alltid på barnet si side. Stiftelsen jobbar kvar dag med visjonen om ein barndom utan vald og overgrep.

Stiftelsen sitt føremål er å arbeide for at barn som utsetjast for kriminelle handlingar skal sikrast eit betre rettsvern i kriminalpolitikken og innanfor rettssystemet. Stiftelsen skal med sin kapital og avkastning av kapital bidra til konkrete prosjekt som skal trygge barn sine rettsikkerheit som offer for kriminelle handlingar, og at barn skal kunne ferdast trygt i samfunnet utan å bli utsatt for vald/overgrep og drap. Stiftelsen jobbar også for at barn som utsetjast for kriminelle handlingar skal sikrast betre oppfølging og ivaretaking.

Stine Sofie Senteret er eit kurs- og mestringscenter for vald- og overgrepsette barn og unge, 0-18 år. Målet er at kursdeltakarane får oppleve glede og ny kunnskap. Meir informasjon om senteret finn du [her](#).

Tlf: 37 29 40 90

### 16.16 Senter mot incest og seksuelle overgrep Møre og Romsdal (SMISO)

Senteret er eit lavterskeltilbod til heile fylket. Brukara kan nytte seg av Smiso sitt innomstikk-tilbod, og delta på aktivitetar saman med tilsette og andre brukarar av senteret. Brukara kan få einesamtaler med fagperson med kunnskap om seksuelle overgrep, hjelp til sjølvhjelp og traumesensitivomsorg. Senteret driver utstrakt gratis undervisningsverksemd til fagpersonar, ungdomsskuleelevar og avgangselevar i VGS i fylket. Dei tilbyr også rettleiing av faggrupper og privatpersonar i enkeltsaker om seksuelle overgrep.

Smiso Møre og Romsdal held til i Molde, men har ein gong i månaden desentralisert tilbod i Kristiansund, Ørsta og Ålesund.

Tlf: 71 1 1 51 55



### 16.17 Støttesenter for kriminalitetsutsatte

Dersom du har vorte utsatt for vald i nære relasjonar kan du få hjelp og rettleiing ved eit støttesenter for kriminalitetsutsette. Støttesentra kan hjelpe deg med:

- informasjon og rettleiing om det å anmelde
- støtte heile vegen frå politianmeldelse til saka er avgjort
- vitnestøtte før, under og etter ei eventuell retts sak
- hjelp til å søke valdsoffererstatning

Nærmaste støttesenter er i Molde.

Tlf: 800 40 008

### 16.18 TryggEst – vern av risikoutsette vaksne

TryggEst skal bidra til å forhindre, avdekkje og handtere vald og overgrep mot vaksne menneskjer som i liten eller ingen grad er i stand til å beskytte seg sjølv. TryggEst-modellen inneheld forslag til organisering av arbeidet mot vald og overgrep i ei kommune, og fleire verkty som kan brukast i dette arbeidet. I modellen er det utarbeida ulike verktøy som hjelp i arbeidet.



### 16.19 Vern for eldre (VFE)

Vern for eldre er ein nasjonal kontakttelefon for eldre som står i fare for eller er utsett for overgrep. Tilbodet er gratis, og du kan vere anonym. Alle over 62 år som er utsett for overgrep, kan ringe for å få råd, rettleiing og hjelp. Også pårørande eller andre som har mistanke om overgrep mot eldre, kan nytte dette nummeret.

Tlf: 800 30 196

### 16.20 Vold- og overgrepslinjen

Vo-linjen 116 006 er ei døgnopn nasjonal hjelpelinje og nettside for alle som opplever vald eller overgrep i nære relasjonar.



## 17.0 INFORMASJON OM RETTAR TIL VALDSUTSETT

### 17.1 Bistandsadvokat

Dersom du har vore utsett for vald i nære relasjonar, valdtekt eller andre seksuelle overgrep, har du rett til gratis møte med advokat før du har bestemt deg for om du vil anmelde. Dersom du anmelder, vil advokaten søke seg oppnemnt av retten, og bli oppnemnt som bistandsadvokat etter at saken er anmeldt.

Du har rett til bistandsadvokat dersom du har vore utsett for ein eller fleire av disse handlingane:

- valdtekt/valdtektforsøk
- andre seksuelle overgrep
- vald i nære relasjonar
- menneskehandel
- tvangsekteskap
- kjønnslemlestelse (omskjæring)

Når det gjelder vald i nære relasjonar, krevjast det at den fysiske eller psykiske valden har vore grov eller gjentatt. Også barn som har vore vitne til familievald, vil ha rett til bistandsadvokat.

Politiet skal ved første kontakt med fornærma ved vald i nære relasjonar, valdtekt eller andre seksuelle overgrep, informere om moglegheita for å få oppnemnt bistandsadvokat.

- [Om bistandsadvokat, kap 9 a straffeprosessloven](#)

Bistandsadvokaten blir oppnemnt av retten, og du kan sjølv velje fritt kva advokat du vil nytte. I hastetilfelle kan politiet tilkalle ein advokat som får same stilling som ein rettsoppnemnt advokat.

- [Oversikt over faste bistandsadvokater fra domstolen.no \(pdf\)](#)
- [Oversikt over bistandsadvokater på Advokatenhjelperdeg.no, tjenesten "Finn advokat"](#)

Dersom du anmelder, kan bistandsadvokaten gi deg råd og støtte i forbindelse med politiavhør, samt bistå deg vidare under etterforskinga og i ei eventuell rettssak. Bistandsadvokaten skal ivareta fornærma sine straffeprosessuelle rettigheter, og eventuelt bistå med å fremje erstatningskrav i saken.

- [Bistandsadvokatens rolle i etterforsking og rettssak](#)
- [Film om korleis du blir møtt hos bistandsadvokat](#)

### 17.2 Valdsoffererstatning

Dersom du har blitt utsatt for kriminelle handling, kan du søke valdsoffererstatning frå den norske stat. Før du kan søke, må du som hovudregel ha anmeldt handlinga. Det må vere klart sannsynleggjort at det har skjedd ei straffbar valdshandling. Har du rett på bistandsadvokat, skal bistandsadvokaten hjelpe deg med å søke ei slik erstatning.

Kriminelle handlingar som å bli slått ned, valdtatt eller på annan måte utsatt for ei straffbar handling som krenkjer livet, helsa eller fridom, kan gi rett til valdsoffererstatning. Dersom valdsofferet dør, kan dei etterlatte ha rett til erstatning. Dersom barn har vore vitne til vald, kan også barn ha rett til erstatning.

Det kostar ingenting å søkje. Du kan få gratis bistand på Støttesenter for kriminalitetsutsette.

Det stillast lågare krav til bevis i ei erstatningssak enn det krevjast i ei straffesak. Du kan derfor bli tilkjent valdsoffererstatning sjølv om politiet har henlagt saka eller tiltalte ikkje blei domfelt i ei straffesak. Skadevolderen er ikkje part i erstatningssaken. I saker der straffesaka er henlagt, eller forholdet ikkje er anmeldt, vil skadevolderen aldri bli varslet om søknad.

Ny lov om erstatning frå staten til valdsutsette er ute på høyring. Høyringsfristen er 04.12.2020.

---

## 18.0 FUNN I KARTLEGGINGA

Som ledd i arbeidet med handlingsplanen vart det utarbeida ei spørjeundersøking til dei tilsette i kommunane. Spørjeundersøkinga vart sendt på e-post i samarbeid med personalavdelingane. Artikkel og link til undersøkinga vart også publisert på intranett.

2328 tilsette svarte på undersøkinga.

Nokon av svara undersøkinga ga:

- 42% har vore i situasjonar på jobb der dei har hatt bruk for kunnskap om vald i nære relasjonar
- 83 % svarer at dei har behov for meir kompetase på området
- 52 % veit ikkje om arbeidsplassen har prosedyrar for handtering av vald i nære relasjonar
- 71 % er heilt eller delvis einig i at å våge å sjå og våge å spørje er vanskeleg
- 55 % veit ikkje om kommunen har eit godt tilbod til valdsutsette
- 67 % veit ikkje om kommunen har eit godt tilbod til valdsutøvar

1103 tilsette har gitt tilbakemelding i fri tekst på kva som er viktig å ha fokus på i arbeidet mot vald i nære relasjonar i si teneste.

Her er nokon av tilbakemeldingane frå dei tilsette:

- Førebygging.
- Lære kva vi skal sjå etter og kva ein skal gjere når ein har ein mistanke.
- Det er viktig å tru at vald skjer, også i vår kommune.
- Kompetanseheving.
- Ufarleggjere samarbeid med ulike tenester som barnevern, krisesenter og politi.
- Ynskje om eit betre samarbeid med barneverntenesta og politiet.
- Å bry seg.
- Kunnskap om lovverket.
- Vi må våge å spørje – igjen og igjen.
- Prosedyrar for korleis vi skal gå fram i saker som omhandlar vald i nære relasjonar
- Viktig at vi tør å snakke med den vi er uroa for.
- Det er viktig å tørre å spørje – igjen og igjen!
- Setje vald i nære relasjonar på dagsorden.

- Utarbeide handlingsplan som blir nytta som eit verkty for dei tilsette. Den må innehalde informasjon om VINR, prosedyrar ved mistanke og kva ein skal sjå etter. Alle tilsette må gjerast kjent med handlingsplanen.
- Få vald i nære relasjonar inn i årshjulet til kommunane, årleg gjennomgang av rutiner/oppdatert informasjon.
- Viktig å få kjennskap til kva prosedyrar som gjeld. Kva gjer vi om vi er uroa for at nokon blir utsett for vald i heimen? Kva ansvar har eg som lærar? Skal vi rapportere? Bør vi snakke med den det gjeld?
- Viktig at dei som melder får støtte. Det kan få personlege konsekvensar for meldar på små stadar.
- Viktig å vere klar over at det kan gjelde kven som helst. Ein skal ikkje oversjå teikn eller avfeie bekymring med bakgrunn i at vi kjenner vedkomande eller vedkomande si familie.
- Kunnskap om vald i nære relasjonar bør friskast opp like ofte som førstehjelp. Det er altfor mange barn som opplever vald i heimen!
- Fokus på opplæring i avvergeplikt og meldeplikt.
- Barn og unge må få informasjon at vald i nære relasjonar og kven som kan hjelp om dei opplever dette.
- Kunnskap om andre instansar og deira rolle i ulike situasjonar.
- Viktig at den som treng hjelp møter trygge tilsette som veit kva kommunen kan yte å tenester.

Funna i undersøkinga og tilbakemeldingane frå dei tilsette har danna grunnlag for innhald i handlingsplanen og satsingsområder/tiltak.

## 19.0 SATSINGSOMRÅDER/TILTAK

### 19.1 Framlegg til tiltaksplan 2021- 2025

Generelle mål	Strategi	Tiltak – kva?	Tiltak – når?	Ansvar	Ressursar
Styrke kunnskapen i kommunane om VINR	Handlingsplan mot VINR	Godkjenning i kommunestyret etter handsaming i utval	des 2020/ jan 2021	Rådmann/ kommunedir	Arbeids- gruppa
	Jobbe kontinuerleg med kompetanseheving / fokus på VINR i kommunane	Opprette fast stilling som valds-koordinator. Stillinga ligg til Krisesenter for Sunnmøre	2. kvartal 2021	Rådmann / kommune- direktør	
Sette VINR på dagsorden på Sunnmøre	Krisesenter for Sunnmøre som kompetanseinstans for VINR	Gjere Krisesenter for Sunnmøre kjent som kompetanseinstans for VINR	Kontinuerleg	Krisesenter for Sunnmøre	Kommunale kanalar / media
		Tilsette valds-koordinator (sjå over)	mai 2021	Rådmann / kommunedir	
		Oppdatert info på heimesidene	Kontinuerleg		
		Info i media	november 2020		
Organisatoriske mål	Strategi	Tiltak – kva?	Tiltak – når?	Ansvar	Ressursar
Styrke kunnskapen om VINR og handlingskompetansen til tilsette	Handlingsplan kjent og forankra i organisasjonen	Presentere handlingsplanen på leiarmøte	1. kvartal 2021	Rådmann / kommunedir	Arbeids- gruppa / RVTS
		Fagdag om VINR - handlingsplan	Feb, mars, april, mai 2021	Arbeidsgruppa	

		Lage presentasjon av planen til bruk i einingane	Jan 2021	Arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa
		Presentere handlingsplanen på personalmøte	1. kvartal 2021	Einingsleiar	Arbeidsgruppa / RVTS
	Kompetanseheving	Samarbeidsavtale med RVTS	1. kvartal 2021	Rådmann / kommunedir	Arbeidsgruppa / RVTS
		Kursrekke RVTS	I planperioden	Arbeidsgruppa	
		Valdsveke	November kvart år	Rådmann / kommunedir	
		Utarbeide handlingskort	1. kvartal 2021	Arbeidsgruppa	Arbeidsgruppa / valds-koordinator
	Alle tilsette skal vere kjent med prosedyrar og flytskjema for handtering av saker som omhandlar VINR	Tilsette brukar prosedyrane / flytskjema i handlingsplanen	Kontinuerleg	Tilsette	
Samordning og samhandling	Nettverksmøte på systemnivå	Årleg, møte for hjelpeapparatet sine einingsleiarar og fagleiarar	November	Rådmann / kommunedir	Arbeids-Gruppa / valds-koordinator



Brukarorienterte mål	Strategi	Tiltak – kva?	Tiltak – når?	Ansvar	Ressursar
Auke innbyggjarane sin kunnskap om VINR og kven som kan hjelpe	Informasjon	Oppdatert informasjon i kommunane sine kanalar	Kontinuerleg	Arbeidsgruppa	Valds-koordinator
	Legge VINR inn i skule og barnehage sitt årshjul	Etatane samkøyrer informasjonstiltak retta skule og barnehage	Årleg	Rådmann / kommunedir  Einingsleiarar	

## 19.2 Om tiltaka

### 19.2.1 Krisesenter for Sunnmøre som kompetanseinstans

Krisesenter for Sunnmøre får status som Sunnmøre sitt kompetanseinstans for i arbeidet mot vald i nære relasjonar.

- Krava definerast og skiftleggjerast av krisesenteret sitt styre.

Fokus på at Krisesenteret i tillegg til lovpålagte tenester kan tilby faglege drøftingar, informasjon og undervisning til tilsette i hjelpeapparatet.

#### 19.2.1.1 Valdskoordinator

Kommunane på Sunnmøre går saman om å opprette fast stilling som valdskoordinator. Stillinga blir lagt til Krisesenter for Sunnmøre.

### 19.2.2 Nettverksmøter på systemnivå

Ein årleg, kommunal/interkommunal møteplass for hjelpeapparatet sine einingsleiarar og fagleiarar.

- Korleis handterast og følgjast tiltaka skildra i handlingsplanen opp?
- Kunnskapsoverføring mellom verksemdene
- Samarbeidsrutinar
- Kompetansebehov
- Tiltakskjeda
- Felles prosjekt

Forlag til deltakarar: Krisesenter, barnevern, politi, helsestasjon, fastleger/tannleger, kommunelege, overgrepsmottaket, familievernkontoret, konfliktrådet, nav, samt representantar frå eldreomsorga, skuler, barnehagar, psykisk helse og rus, tenester for funksjonshemma.

### 19.2.3 Kompetansehevingstiltak

- Fagdagar i kommunane i samband med ny handlingsplan mot vald i nære relasjonar.
- Kommunane lagar samarbeidsavtale med RVTS om kursrekke i planperioden.

#### 19.2.4 Valdsveke

Valdsveka skal inn i kommunane sitt årshjul.

Årleg veke med fokus på vald i nære relasjonar i einingane og i kommunale kanalar. Arrangement/e-kurs for tilsette. Ulike fokusområder for kvart år i planperioden.

#### 19.2.5 Samordning av informasjon retta mot barn og unge

Etatane samkøyrer informasjonsretta tiltak i skule og barnehage. Dette blir lagt inn i skule/barnehage/helsestasjon sitt årshjul, gjerne i samband med valdsveka/nasjonale kampanjar.

---

## 20.0 HANDLINGSKORT / FLYTSKJEMA

Det er utarbeida to handlingskort til denne handlingsplanen – Dei omhandlar korleis ein går fram ved mistanke om vald og overgrep.

### 20.1 Kva gjer du ved MISTANKE OM VALD OG OVERGREP MOT BARN

### 20.2 Kva gjer du ved MISTANKE OM VALD I NÆRE RELAJONAR

Flytskjema er for offentleg verksemd og private barnehagar/skular ved mistanke om at barn og unge er utsett for vald eller overgrep. Her har ein tatt utgangspunkt i flytskjema utarbeida av samarbeidsnettverket «Mission Possible».

### 20.3 Flytskjema – barn og unge

---

## 21.0 NETTRESSURAR:

Her har vi samla ei oversikt over nettsider som gir rettleiing og kunnskap om vald i nære relasjonar.

### 21.1 For alle

- [Nasjonal rettleiar for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid](#)
- [Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress](#) - Forsking og rapportar om vald og overgrep
- [Dinutvei.no](#) - Nasjonal veivisar til hjelpetilbod, informasjon og kunnskap om vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep. Her finner du også ein spørsmål- og svarteneste, der du er anonym.
- [Hvorlite.no](#) – Politiet si informasjonsside om vald i nære relasjonar.
- [Krisesenter for Sunnmøre si oversikt over nettsider med hjelp og rettleiing](#)
- [Plikt.no](#) - Plikt.no er utarbeida i forbinding med ei kampanje for å auke bevisstheita om avverjeplikta ved valds- og seksuallovbrot.

## 21.2 For deg som jobbar med barn og unge

- [Kunnskapsgrunnlag – metoder for tidlig identifisering av risiko hos barn og unge](#) - rapport frå Helsedirektoratet.
- [SNAKKE](#) - er eit opplæringsprogram for deg som arbeider med å snakke med barn og unge, utarbeida av RVTS. Her kan du øve deg på å snakke med barn om vanskelege tema og trene på å avklare korleis barnet har det.
- [Jegvilvite.no](#) - informasjon til barn, men under fanen for vaksne får du enkle tips og råd om korleis du på best mulig måte kan snakke med barn om vanskelege ting.
- [Rettentil.no](#) - er utviklet av RVTS og er eit oversiktsverktøy for deg som møter barn og unge som kan vere utsatt for negativ sosial kontroll, tvangsekteskap eller kjønnslemlesting. Den inneheld artiklar, oppdaterte definisjonar og fenomenkildringar, samt konkrete råd og refleksjonsspørsmål. Her finn du også ei oversikt over viktige deler av hjelpeapparatet og referansar til aktuell faglitteratur.
- [Jegvet.no](#) – kunnskapsbasert læringsressurs for alderstilpassa opplæring om vald, overgrep og mobbing i barnehagar og skular. «Jeg vet» skal bidra til at barnehagar, grunnskular og videregående skular har eit valdsførebyggjande opplæringstilbod som fremjar livsmestring - og er systematisk, kunnskapsbasert og nasjonalt likeverdig.
- [RVTS informasjonsfilm](#) - for barn- om overgrep mot barn
- [Kroppen min eier jeg](#) - Teiknefilm på NRK Super og [undervisningsmateriell](#) frå Redd Barna
- [Nora](#) - Nettstad som skal bidra i arbeidet mot negativ sosial kontroll. Her kan ungdom finne historier dei kan kjenne seg igjen i og informasjon om rettigheter og hjelpeapparatet.
- [Barnevernvakten.no](#) - Felles portal for barnevernvaktene i Norge
- [116111.no](#) - Alarmtelefonen for barn og unge
- [littsint.no](#) - Sinnemestring for foreldre

## 21.3 For deg som jobbar med eldre

- [Vern for eldre](#) - informasjonsside og e-læringsprogram. Innehelder blant anna interaktiv nettressurs med oppgåver med fokus på
  - [Heimebuande eldre](#)
  - [Eldre i institusjon](#)
- [Usynlige overgrep](#) - brosjyre om Krisesenterets tilbod for alle som møter eldre gjennom sitt arbeid

## 21.4 For deg som jobbar med vaksne menneskjer med nedsett funksjonsevne

- [Retningslinjer og rettleiarar ved seksuelle overgrep](#) - utarbeida av Bufdir.
- [Den tause volden](#) - Krisesentersekretariatets brosjyre om vald mot menneskjer med nedsett funksjonsevne. Kontakt [Krisesenter for Sunnmøre](#) om du ynskjer brosjyrar.

## 21.5 For deg som jobbar med menneskje med flyktning eller invandrarbakgrunn

- [Flyktning.net](#) - ressursportal om flyktningar og asylsøkjjarar
  - [Informasjonsskriv om arbeid med negativ sosial kontroll](#) fra regjeringa.
  - UDI sin informasjonsside om [vald i familien / vald i nære relasjonar](#)
  - [dinutvei.no](#) - har informasjon på mange språk
  - [Tvangsekteskap og æresrelatert vold](#) - Bufdirs informasjonsside
  - [Brosjyrar, filmar og rettleiarar](#) fra Bufdir
  - [Brosjyre om juridiske rettigheter](#) for menneske som er utsatt for kriminelle handlingar - finnast også på desse språka: arabisk, bulgarsk, engelsk, kurdisk, russisk, somalisk, thai, tyrkisk, urdu
- 

## 22.0 EVALUERING

Handlingsplanen skal evaluerast i første veka i september kvar år. Kvar kommune skal ha ein fast representant som deltek i evalueringa. Krisesenteret kallar inn.

I samband med årleg evaluering skal innhald og utforming av valdsveka planleggast.

---

## 23.0 LOVVERK

[Lov om barnehager \(barnehageloven\)](#), Kunnskapsdepartementet

[Lov om barneverntjenester \(Barnevernloven\)](#), Barne- og likestillingsdepartementet

[Lov om barn og foreldre \(barnelova\)](#), Barne- og likestillingsdepartementet

[Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#), Justis- og beredskapsdepartementet

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#), Helse- og omsorgsdepartementet

[Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern \(psykisk helsevernloven\)](#), Helse- og omsorgsdepartementet

[Lov om straff \(straffeloven\)](#), Justis- og beredskapsdepartementet

[Lov om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m. \(voldsoffererstatningsloven\)](#), Justis- og beredskapsdepartementet

[Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\)](#), Kunnskapsdepartementet

[Lov om kommunale krisesentertilbud \(Krisesenterlova\)](#), Barne- og familiedepartementet

[Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\)](#), Arbeids- og sosialdepartementet

[Lov om folkehelse \(folkehelseloven\)](#), Helse- og omsorgsdepartementet

Lov om tannhelsetenesta (tannhelsetenestelova), Helse- og omsorgsdepartementet

## 24.0 RAPPORTER, UNDERSØKINGAR OG LITTERATUR

### 24.1 Vald og seksuelle overgrep mot barn:

Hafstad & Augusti (red.) (2019), Ungdoms erfaringer med vold og overgrep i oppveksten: En nasjonal undersøkelse av ungdom i alderen 12 til 16 år. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. (Rapport 4/2019)

Aakvaag, H. F., & Strøm, I. F. (Red.) (2019). Vold i oppveksten: Varige spor? En longitudinell undersøkelse av reviktimisering, helse, rus og sosiale relasjoner hos unge utsatt for vold i barndommen. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. (Rapport 1/2019).

Lillevik, Salomonsen og Nordhaug (red) (2019) Vold i nære relasjoner – Diskurser og fenomenforståelse, Gyddendal

Forandringsfabrikken (2019), Rett og sikkert for oss - Om anmeldelse, avhør i barnehus og rettssak, Fra unge som har opplevd vold eller overgrep

Barneombudet (2018), Hadde vi fått hjelp tidligere, hadde alt vært annerledes. Erfaringer fra barn og unge utsatt for vold og overgrep – 2018

Inge Nordhaug (2018), Kva ser vi, kva gjer vi, Omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep. Skulen og barnehagen sine oppgaver, Fagbokforlaget

Siri Søftestad (2018), Grunnbok i arbeid med seksuelle overgrep mot barn, Universitetsforlaget

NOU 2017:12: Svikt og Svik – Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt.

Askeland, I. R., Jensen, M., & Moen, L. H. (2017). Behandlingstilbudet til barn og unge med problematisk eller skadelig seksuell atferd - kunnskap og erfaringer fra de nordiske landene og Storbritannia - forslag til landsdekkende struktur. Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. (Rapport 1/2017).

Berggrav, Silje (2017) Hjelpelinje for personer med seksuelle følelser for barn – utredning av behov og ulike modeller. Rapport, Redd Barna.

Øverlien, C., Hauge, M. I., & Schultz, J. H. (Red.) Barn, vold og traumer. Møter med unge i utsatte livssituasjoner. Universitetsforlaget.

Mossige S., Stefansen K., Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007-2015. NOVA rapport 5/2016

Øverlien, Carolina og Holen Moen, Linda (2016) «Takk for at du spør!» - En oppfølgingsstudie om kunnskap om vold og seksuelle overgrep mot barn blant blivende barnevernspedagoger, grunnskolelærere og førskolelærere Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. (Rapport nr 3/2016)

Holthe, M. E. G., Hauge, M. I., & Myhre, M. C. Seksuelle overgrep mot barn og unge med innvandrerbakgrunn: En undersøkelse av forekomst og erfaring i hjelpeinstansene. Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. (Rapport 1/2016).

Øverlien, Carolina (2015), Ungdom, vold og overgrep - Skolen som forebygger og hjelper. Universitetsforlaget

bufdir.no/Statistikk og analyse/Oppvekst/Vold og overgrep mot barn/Barn utsatt for vold i familien/

## 24.2 Øvrig litteratur:

Regjeringens opptrappingsplan mot vold og overgrep 2017-2021.

Regjeringens handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangs-ekteskap og kjønnslemlestelse, Retten til å bestemme over eget liv 2017-2020.

Regjeringens strategiplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, Barndommen kommer ikke i reprise 2014-2017.

Regjeringens handlingsplan mot voldtekt, 2019-2022.

Et liv uten vold – Regjeringens handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014-2017.

Nasjonalt senter for vold og traumatisk stress (2014). Vold og voldtekt i Norge – en nasjonal forekomststudie.

Isdal, Per. Meningen med volden. (2000)

Galtung, Johan. «Violence, Peace, and Peace Research», i Journal of Peace Research, vol. 6, nr. 3 (1969), s.167–191.

Sandmoe, A., Wentzel-Larsen, T., & Hjemdal, O. K. (2017). Vold og overgrep mot eldre personer i Norge: En nasjonal forekomststudie. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. (Rapport 9/2017).

Vatnar (2015) Partnerdrap i Norge 1990-2012 - Studie av risikofaktorar for partnardrap

«Alle kjenner noen som har opplevd det» - Rapport om seksuelle krenkelser mellom ungdom. Barneombudet 2018

Eggen K., Fjeld W., malmo S. og Zachariassen P. (2014). Utviklingshemming og seksuelle overgrep. Rettsvern, forebygging og oppfølging. Oslo Universitetssykehus, Oslo.

Jonassen, W., & Sandmoe, A. (2012). Overgrep mot eldre i Norge – erfaringer og løsningsstrategier. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress AS. (Rapport 3/2012).

Grøvdal, Y. (2013). Mellom frihet og beskyttelse?: Vold og seksuelle overgrep mot mennesker med psykisk utviklingshemming, en kunnskapsoversikt. Oslo: Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. (Rapport 2/2013).

HØYRINGSUTKAST

## 24.3 Vedlegg

### Handlingskort



#### AKUTTE SITUASJONAR

Ved alvorlege trusler eller fysiske skader etter vald og overgrep ringer du Politiet! Fortell kva som har skjedd. Du har avvergeplikt!\*

Kontakt **overgrepsmottaket** eller legevakt for undersøkning og sporsikring. Unngå kroppsvask før undersøkinga.

Ved halsgrep bør ein alltid ha legetilsyn.

Tilby den valdsutsatte å kontakte **Krisesenteret for Sunnmøre**.

\* Avvergeplikt

Alle har en personlig plikt til å anmelde eller på annen måte avverge og hindre straffbare forhold. Ifølge straffelova § 196 inntre avvergeplikta ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar utan omsyn til taushetsplikta.

#### KVA GJER DU?

Målet er å motivere den valdsutsatte til å kontakte hjelpeapparatet slik at valden stopper.

**Rådføring**

Er du usikker på kva du skal gjere kan du drøfte saka med krisesenter eller politi.

**Informasjon om hjelpetilbudet til den valdsutsatte**  
Hjelp den valdsutsatte med å komme i kontakt med hjelpeapparatet.

**Veiledningssamtale på krisesenteret**

Krisesenteret er et tilbud til alle som er utsatt for vold eller overgrep fra en partner, familie eller andre i nær relasjon. Ein trenger ikke å være i akutt krise for å få hjelp på krisesenteret. Sentrene tilbyr beskyttelse, sikkerhet, råd og veiledning. Tjenesta er gratis og tilgjengelig heile døgnet. Du kan ta direkte kontakt og treng ikkje henvisning.

**OBS! Har barn vært vitne til volden?**

Send bekymringsmelding til barnevernet. Å vere vitne til vald kan vere like skadeleg for barn som å sjølv bli utsett.

#### VIKTIGE TELEFONNUMMER

**Akutt døgnåpne telefonar**

Politi: 112 eller 02800

Krisesenter for Sunnmøre:

Avdeling kvinner og barn: 70 16 33 33

Avdeling menn og barn: 97 70 74 33

Legevakta: 116 117

Barnevernsvakta: 91576020

Overgrepsmottaket: 116 117

Illustrasjon Liza Hasan. Design og trykk: Hustrykkertiet, Ålesund kommune  
Tilbak i Handlingsplan mot vald i nær relasjon, Sunnmøre 2020-2024

#### Kva gjer du som ansatt, kollega eller venn

#### - VED MISTANKE OM VALD I NÆR RELASJON



**Krisesenter for SUNNMØRE**

Utarbeidet i samband med interkommunal handlingsplan for Sunnmøre  
Ålesund | Ørsta | Volda | Herøy | Sande | Ulstein | Hareid | Sula  
Giske | Fjord | Vanylven | Stranda | Sykkylven



#### SJÅ

- Sår og blåmerke
- Brann- og kuttskader
- Selvskading
- Konsentrasjonsproblemer
- Søvn- og spiseproblemer
- Uro og utagerende atferd
- Unnvikende
- Nedstemthet, isolasjon
- Irritabilitet
- Avtaler endres ofte
- Personer motsetter seg hjelp som krever innsyn i familien
- Hyppige legebesøk med diffuse symptomer
- Reaksjoner ved berøring
- Bruk av rusmiddel

#### SPØR

Prøv å få til ein dialog.

**Start gjerne med:**

- *Eg har lagt merke til at...*

**Beskriv det du ser:**

- *det virker som du ofte er borte fra jobb*
- *du virker sliten*
- *du har blåmerker på armen*

**Fortsett med:**

- *Det gjeld kanskje ikkje deg, men mi erfaring er at mange som ikkje har det greit heime kan få slike plager.*
- *Kva tenker du om det?*
- *Korleis har du det heime?*

#### TIPS

- Prøv å unngå ordet vald
- Still åpne spørsmål
- Benytt aktiv lytting som - *hmm...fortell mer om det...* - *beskriv...* - *Kva gjorde du?* - *Kvar var du?* - *Korleis opplevdes det?* osv.
- Gjenta nøkkelord i det som blir sagt.
- Unngår vurderinger av det som har skjedd som - *oi, så forferdelig, osv.*

Vald kan ha mange ansikt – den kan vere fysisk, psykisk, sesuell, økonomisk, digital eller handle om omsorgssvikt.

Følg intuisjonen din!

#### AVKLAR

**Korleis artar valden seg?**

- Slag, truslar, seksuell tvang
- Lugget, brent, ydmyket eller latterliggjort
- Manglande råderett over eigen økonomi
- Sosial kontroll
- Ødelegger ting vedkommende er glad i
- Kjæledyr som mishandles
- Tvangsekteskap, kjønnslemlestelse

**Kor alvorlig er valden?**

- Kva skjedde etter siste gang?
- Beskriv kva som skjedde.
- Er du redd noke skal skje fremover?
- Er det fare for liv og helse?
- Har du tidligare vore i kontakt med politiet eller krisesenter?

**Risikofaktorer**

- Samlivsbrot, tidlegare valdsepisoder, tilgang til våpen, rus og ære kan gi auka risiko for grov vald og partnerdrap.







## HANDLE

Kva gjer du ved mistanke om at eit barn er vitne til vald eller blir utsatt for vald eller overgrep?

### Send bekymringsmelding til barnevernet!

Den skal innehalde: Personalia, årsaka til bekymring, beskrivelse av kva du har sett, høyr, observert, og når. Oppgi kontaktperson og fortel kva som er gjort. Du har eit sjølvstendig ansvar for å sende bekymringsmelding.

### Husk!

Ditt ansvar er å melde di bekymring. Barnevernet har ansvar for å undersøke saka og avgjere vidare tiltak.

### Rådføring

Er du usikker? Ring barnevernet for råd og rettleiing. Du kan og kontakte politiet eller Statens Barnehus Ålesund.

### Meldeplikt

Du har sjølvstendig plikt til å melde frå til barnevernet ved mistanke om vald eller overgrep.

## OM INGENTING SKJER

- Send ny melding til barnevernet
- Vurder på nytt om du har avvergeplikt!

## VIKTIGE TELEFONNUMMER

### Døgnåpne telefonar

Politi: 112 eller 02800

Krisesenter for Sunnmøre:

- avdeling kvinner og barn: 70 16 33 33

- avdeling menn og barn: 97 70 74 33

Legevakta: 116 117

Barnevernsvakta: 91576020

Overgrepsmottaket: 116 117

Telefon kun på dagtid

Statens Barnehus Ålesund: 70 11 88 50

Illustrasjon Liza Hasan,  
Design og trykk: Høsttrykkeriet, Ålesund kommune  
Tilbak i Handlingsplan mot vald i nær relasjon,  
Sunnmøre 2020-2024

## Kva gjer du VED MISTANKE OM VALD OG SEKSUELLE OVERGREP MOT BARN



- for deg som jobber med barn,  
er offentlig ansatt eller nabo



Krisesenter for  
**SUNNMØRE**

Utarbeidet i samband med  
interkommunal handlingsplan for Sunnmøre  
Ålesund | Ørsta | Volda | Herøy | Sande | Ulstein | Hareid | Sula  
Giske | Fjord | Vanylven | Stranda | Sykkylven



## SJÅ

- sår og blåmerker
- Brann- og kuttskader
- Søvn- og spiseproblemer
- Magesmerte
- Endring i sinnsstemning
- Sosial tilbaketrekking
- Utagerande eller «pleasande» åtferd
- Reaksjonar ved berøring
- Sårhet, smerter i underliv
- Seksualisert åtferd
- Sjølvskading
- Hyppige legebesøk og innleggjelsar på sykehus (med diffuse symptomar)
- Dårlig tannhelse
- Familien motsett seg innsyn i familien
- Rusmiddelbruk

Vald kan ha mange ansikt - den handlar om meir enn å slå!

Å vere vitne til vald kan vere minst like skadeleg som å sjølv bli utsatt.

## SPØR

Spør barnet kva som har skjedd, på ein ivaretakande måte. Ver nysgjerrig og utforskande.

### Start gjerne med:

- Eg har lagt merke til at...

- Skildre det du ser:

- du ofte har vondt i magen...

- du virkar sliten/trett/trist

- du har blåmerker på armen.

## TIPS

- Gjenta det barnet seier.
- Still åpne spørsmål (ikkje leiande)
- Bruk støtteord som hmm... - ja, fortel, fortel meir
- Spør gjerne fleire gongar, si: Eg er her og
- Kom innom om du vil snakke med meg.
- Avtal gjerne eit nytt møte med barnet.
- Laglogg

## AKUTTE SITUASJONAR

Når du har grunn til å tru at eit barn blir utsatt for vald eller overgrep eller kjem til å bli utsatt for det, har du plikt til å handle.

- ved fysiske skader
- ved alvorlege truingslar
- ved mistanke om seksuelle overgrep
- når barnet viser redsel for å gå heim
- når barnet blir henta av rusa foreldre
- ved mistanke om nært forestående/gjennomført kjønnslemlestelse eller tvangsekteskap

Varsle politiet umiddelbart.

## AVKLAR

Eit barn kan fortelle om hendingar i f.eks. ei samlingstund. Inviter då barnet til samtale:

- Det du sa tidligare i dag, hva meinte du da?

- Eg var ikkje der, fortell så godt du kan...

- Kva skjedd vidare då?

- Du har fortalt meg om...

Utvís varsemd og ikkje spør for detaljert. La barnet fortelle åpent. Lag utfyllande notat. Tydliggjør at det barnet har fortalt er viktig.

Ikkje lov barnet at du ikkje skal seie det til nokon.

Forklar barnet at du må snakke med nokon andre vaksne om det barnet har fortalt.

- Du kan rådføre deg med med barnevern, krisesenter eller politi.
- Informer leiar om di bekymring. Legg ein plan for vidare handtering.

**NB!** Ved mistanke om vald og overgrep mot barn skal **IKKJE** foresatte bli kontakta.

### Avvergeplikt

Gjennom straffelovens § 196 har vi alle ei personleg plikt til å anmelde eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Dette er et personleg ansvar og det overstyrar taushetsplikt.

**Retningslinjer for tilsette i offentlig verksemd og private barnehagar/skular ved mistanke om at barn blir utsett for vald eller overgrep**

